# ÅLVIK SOKN

## Mål, grunnlag og organisering

### Hovedmål for trusopplæringa

Kyrkja treng borna, borna treng kyrkja, alle treng Jesus

Mål/Visjon: I Kvam vil me at kyrkja skal få større plass i liva til born og vaksne. Me vil at menneske i alle aldrar skal bli kjende med Jesus som sin frelsar og ven, og skapa levande og livskraftige møteplassar. Me ser at arbeidet med trusopplæring kan vera ein viktig faktor for å bevega oss mot målet; at me alle blir stadig meir grunnfesta i Jesu kjærleik.

*Vedlegg:*

- Utdjuping av hovudmålet.docx (/Files?fileID=f5cf56d0-51d0-4fba-80a0-b807bffa921c)

### Grunnlag og særpreg

Ålvik er ein industristad med ca 500 innbyggjarar. Størstedelen av befolkninga er eldre, og årsklassane er så små at ein må slå saman fleire årskull for å få høveleg store grupper. I Ålvik er det liten tradisjon for å gå i kyrkja utanom jul, 1. mai, dåp og konfirmasjon, men trusopplæringstiltaka har god prosentvis oppslutning, og foreldre og barn uttrykkjer glede og engasjement over at det blir arrangert noko i kyrkja for barn. Generelt er folk i Ålvik glade i å koma saman og prata og det er ein god og avslappa atmosfære. Sterkare enn elles handlar det her om å bry seg om kvarandre. Mange som har flytta frå Ålvik, har eit sterkt forhold til bygda og kyrkja si, og kjem til dømes kvart år til 1. mai-gudsteneste.
Ein viktig og uvanleg ressurs som Ålvik har, er eit spennande og internasjonalt kunstmiljø. Dette har samanheng med at kunstnarar har blitt «lokka» til Ålvik gjennom ein eigen kampanje frå kommunen si side, og dei har også eit eige kunsthus, Messen, der kunstnarar frå heile verda kjem på gjesteopphald. Me har ein jobb å gjera i forhold til å finna ut korleis kyrkja kan knyta band til kunstmiljøet og samarbeida med dei.
Ålvik er ei bygd der me tenkjer at det skal bli spennande å utvikla heilt nye typar tiltak. Det opne folkesinnet, felleskapskulturen og kunstmiljøet, gjer truleg bygda til eit svært eigna «drivhus» for å utvikla nye måtar å vera kyrkje på og å driva trusopplæring. Målet er at i løpet av hausten 2015 skal me som arbeider med trusopplæring tilbringa ekstra mykje tid i bygda og gjera ein innsats for å bli kjende med kunstmiljøet spesielt, og så sjå kva som kan vera mogeleg å få til, på innbyggjarane sine eigne premiss.

*Vedlegg:*

- Generell informasjon om Kvam (2).docx (/Files?fileID=1ee99ec0-5897-4e91-a24c-fd37d8f78e2f)

### Organisering, rammer og ansvar

Organisatoriske rammer for ei fornya trusopplæring
Å setja trusopplæringsplanen i verk er eit svært stort løft for kyrkja i Kvam. For at implementeringa skal bli vellukka, er det avgjerande at tilsette, sokneråd og andre frivillige samarbeider. Å finna gode samarbeidsstrukturar er viktigare enn å fastsetja nøyaktig kven som skal gjera kva i denne innføringsfasen.
Tilsette
Kyrkjeverje (100%), kontorsekretær (80%), 2 sokneprestar (200%), 2 organistar (170%), 227,5% kyrkjetenarstillingar (fordelt på fire tilsette), ein 100% kateketstilling og 50% stilling som trusopplærar. Kateketen si hovudoppgåve var fram til 2013 konfirmantarbeidet, barnehage/skulesamarbeidet og noko trusopplæring. Då Kvam fekk tildelt truopplæringsmidlar i 2013, vart det sagt frå bispedømmekontoret at kommunen berre fekk 50% stilling sjølv om folketalet skulle tilseia 80% stilling , dette fordi me hadde kateket.

Samarbeid og ansvarsfordeling kring trusopplæringa i staben
Dei tilsette i kyrkja har arbeidsmøte ( for prestar, kontorsekretær, organistar, kyrkjeverje, kateket og kyrkjelydspedagogar) kvar tysdag unntatt 3. kvar tysdag, då er det stabsmøte for heile staben. Desse møta er ein viktig arena for å setja trusopplæringa på dagsorden for alle tilsette. Arbeidsmøta for dei tilsette i kyrkja har blitt mykje nytta til å drøfta utviklinga av trusopplæringsarbeidet. Det er eit mål at alle tilsette kjenner felles medansvar for å gjennomføra trusopplæringsplanen. Trusopplæring skal vera sak/tema på alle stabs- og arbeidsmøte (nokre gonger 2 min, andre gonger 30 min).
Samarbeid med sokneråda
Sokneråda har mange saker å ta stilling til, og det kan vera ei utfordring å få til eit tilstrekkeleg tett samarbeid med sokneråda omkring trusopplæringsarbeidet. Me opplevde at å arbeida i trusopplæringsutval (med ein representant frå kvart sokneråd) ikkje medførte det breide engasjementet som me meiner er nødvendig for å få til eit slikt løft som trusopplæringsreforma er. Me har difor enda på at det beste er om kyrkjelydspedagogane og kateken er med på soknerådsmøte med jamne mellomrom.
Sokneråda er heilt sentrale dersom denne planen skal bli implementert på ein god måte. Samarbeidet mellom dei tilsette og sokneråda vil vera viktig og me vil prøva ut følgjande praktiske form på samarbeidet dei første åra:
Alle i soknerådet les planen (noverande sokneråd har lese og vedteke å stilla seg bak denne planen) og ved nytt sokneråd får alle medlemmer utdelt eit eksemplar av trusopplæringsplanen.
Ved nytt sokneråd, får soknerådet ei grundig innføring i innhaldet i planen av ein av dei tilsette som jobbar mest med trusopplæring.
Kyrkjelydspedagog eller kateket er med på soknerådsmøte minst ein gong i halvåret.
Det er kontakt (pr telefon eller epost) mellom soknerådsleiar og den tilsette som har hovudansvaret for trusopplæringa i soknet før kvart soknerådsmøte.
Trusopplæring er fast sak på alle soknerådsmøte; ein snakkar om aktuelle tiltak som har vore og som kjem i næraste framtid. Det vil variera kor mykje tid denne «posten» tek på møte – nokre gonger 5 min, andre gonger 50 min.
Alle medlemmer i sokneråda er fadder for eit tiltak. (sjå meir under dimensjonen «oppfølging av frivillige medarbeidarar». Dersom nokon ikkje har anledning til å vera fadder, skal i alle fall alle soknerådsmedlemmer vera til stades på minst eitt trusopplæringstiltak i året. Målet med dette er engasjement for, og nærleik til, trusopplæringa blant soknerådet.
Årshjul og samarbeid på tvers av sokna
Vedlagt ligg eit årshjul med oversikt over korleis me ynskjer å fordela trusopplæringstiltaka utover året. Skule/barnehagesamarbeidet er også markert på dette årshjulet for å synleggjera periodar der ressursane til oss tilsette blir mykje nytta på skular og barnehagar.
Tiltaka etter konfirmasjon blir arrangert som eitt tiltak for alle sokna. I denne fasen har ungdommane stort sett kontakt med kvarandre på tvers av sokna og dei går på same skule. Også andre tiltak er felles for alle sokna, som babysong, småbarnstreff, soveposekonsert og Splæsj (sjå elles tiltakskapittelet, der dette er spesifisert for det einskilde tiltaket.)
I Ålvik og Strandebarm må ein slå saman ein del årskull for å få eit passe tal på deltakarar. Dette vil følgja faste syklusar slik at alle får anledning til å vera med på alle tiltaka. 4års-bok og «Gratulerer med skulestart» vil bli arrangert kvart år i alle sokn.
Gudstenestefrekvens
Nyleg vart talet på prestestillingar i kommunen redusert frå 3 til 2, noko som mellom anna medfører at gudstenestefrekvensen må gå ned, slik at det i framtida truleg blir gudsteneste tredjekvar sundag i alle sokna utanom i Vikøy sokn, der det blir gudsteneste annakvar sundag. Pr dags dato er det ikkje tilsett sokneprest i Vikøy og Strandebarm sokn, men stillinga er lyst ut.
Organisering av innhaldet i trusopplæringa
Det har blitt vald ut ei rekkje bibeltekstar som er fordelte på dei ulike tiltaka. Desse er nemnde under «Tru og tradisjon» under det einskilde tiltaket i tiltakskapittelet. Bibeltekstane gjev også eit breitt grunnlag for å ta opp ulike viktige tema i trusopplæringa. Det er også lagt opp til at barna gradvis skal få liturgi og kristen truspraksis inn under huda slik at dei til dømes skal kunna få utbytte av gudstenester.

Pedagogiske verkemiddel
Det er lagt opp til gjenkjenning, at me nyttar mykje same songar og praksis, som til dømes velsinging og lystenning, på dei ulike arrangementa. Me byrjar med ein enkel «liturgi» på Krølletreffet for 3-åringane. Denne har i seg element frå både baby- og småbarnssong. Denne «liturgien» blir gradvis bygd ut fram til dei deltek på Lys Vaken som 10-åringar, og skal kjenna nattverden.
Framdriftsplan
Det er langt meir krevjande å arrangera eit tiltak for første gong enn når ein har gjort det før. Me ser det difor som naudsynt å strekkja innføringa av tiltak over fleire år, heilt fram til 2019. I tiltakskapittelet står det tydeleg når eit tiltak skal innførast dersom det ikkje alt har starta opp.
Sjå meir om organisatoriske rammer under dimensjonane «Oppfølgjing av frivillige medarbeidarar» og «Tverrfagleg samarbeid».I og med at trusopplæring er ute av den offentlege skulen ser me òg her i Vikøy at det er naudsynt å nå ut med opplæring til tru til den oppveksande slekta. Sjølv om me har mange barnefamiliar til gudstenesta her, og søndagskulen er aktiv, ser me at det er mange som ikkje får opplæring i den trua dei er døypte til.

*Vedlegg:*

- aarshjul trusopplæringa i Kvam.docx (/Files?fileID=8177ade9-ef49-490c-b0b3-e981fcbad5d7)

# Sentrale dimensjoner

### Samarbeid med heimen og familien

Heimen / familien
Forsking syner at heimen er den desidert viktigaste faktoren for korleis barn og unge sitt trusliv utviklar seg seinare i livet. Foreldra skal kjenna at i trusopplæringa spelar me alle på lag!
Trusutvikling hjå foreldre
Mange opplever ei endring i truslivet sitt når dei får barn. Det er vanleg med ei dreiing frå eit indre, åndeleg fokus (kva trur EG på i mitt indre), til eit meir ytre fokus på enkle ritual og gjerningar som definerer at ein er ein kristen familie. Dette enkle, ytre som ein gjer, som til dømes å syngja bordvers, at ein går til kyrkje, vel dåp eller syng godnattbøn, får ei ny og viktig tyding hos foreldra. Truslivet går rett og slett «frå eg til me». Det faktum at foreldre vel dåp og vel å koma på trusopplæringstiltak, er såleis ein stor, personleg og viktig ting for dei aller fleste, og dette må me som kyrkje ha med oss i møtet med foreldra. (Kjelde: Lyngset, 2007)
Foreldra er viktige
Me veit at heimen er den viktigaste påverknadsfaktoren for barn si utvikling av tru. Det er viktig at me får fram at trusopplæring ikkje berre er for "ekspertar". Dei små eller større dryppa av kristen song, bordvers, kveldsbøn, kristne tradisjonar og bibelforteljingar som skjer heime, er viktigast av alt medan barna er i førskulealder og lenge etter det.
Eigartilhøve til kyrkja
Dei fleste som kjem, møter kyrkja på ein ny måte, og dei får eit større eigartilhøve til kyrkjerommet. Me meiner at det er viktig korleis føresette vert møtt av tilsette og frivillige for å skapa gode relasjonar til kyrkja.
Foreldre som deltakarar i ritual og liturgi
I dei tiltaka der foreldre / føresette kjem saman med barnet, vil me så langt det går prøva å leggja inn eitt eller fleire element der foreldra ikkje berre er tilskodarar, men der dei også deltek saman med barnet ved faktisk å utøva tru. Døme på slike element er tenning av bønnelys, bønnevandring med ulike stasjonar (leggja stein ved korset, opna ei skattkiste, dåpspåminning med vatn i døypefonten m.m.) Sett i lys av det me veit om foreldra sin sterke påverknad på barna si utvikling av tru, blir dette svært viktig og positivt for barna. Det er ei utfordring å leggja opp slike sekvensar på ein slik måte at foreldra ikkje opplever det invaderande og framandt, men samstundes våga å laga til rom der Gud kan koma einskildmenneske i møte.
Kommunikasjon med heimen

Rask, korrekt og god informasjonsflyt er viktig å streva etter. Layout på brev, brosjyrer og heimesida vår er viktige brikker i høve til kontakten med kyrkja. Me brukar heimesida mykje til informasjon og kontakt. Påmeldingar på heimesida fungerer betre og betre frå år til år. Når føresette kan skriva inn om barna har spesielle behov me må ivareta, kan dei føla seg ivaretekne på ein god måta. Det er viktig at me ser kvar einskild.

Å byggja familietradisjonar

Stabilitet, tradisjonar og langsiktig tenking meiner me òg er viktige faktorar for auka engasjement. Føresette i Kvam ventar på invitasjon til 4- årsbøker og deltakinga er stor. 90- 100 % er ikkje uvanleg i enskilde sokn. Det tek tid å byggja tradisjonar. 4- årsboka er vorten ein god tradisjon. Ved å jamleg dela ut noko konkret som barn får med seg heim, kan dette brukast i trusopplæringa heime. Sjølv om trusopplæringsplanen skal vera ein dynamisk plan i stadig utvikling, ser me at det er viktig å halda fast ved ein del tiltak, både når det gjeld tid på året og aldersgruppe, slik at nye familietradisjonar kan bli danna.

Foreldre som leiarar

Det vil vera behov for at foreldre er med som leiarar på ulike tiltak som barna deira er med på. Dette kjem barna til gode på den måten at når dei ser at foreldra er med som leiarar, fungerer det omtrent på same måte som når foreldra deltek i ritual og liturgi. Me må arbeida for at foreldra også har ei god stund når dei er innom som leiarar: at dei opplever det godt å vera med i fellesskapet og blir sette pris på. Det at foreldra er med som leiarar, kan gjera terskelen til å delta i kyrkja på andre måtar lågare. Det er samtidig viktig å ikkje pressa for mykje på for å få foreldra til å bidra som leiarar. Trusopplæringa er også for dei som berre ynskjer å koma utan å engasjera seg vidare!

MÅL:

Foreldra opplever seg respektert og sett når dei tek med barna til kyrkja

Foreldra får eit sterkare eigartilhøve til kyrkja gjennom å ta med barna på trusopplæringstiltaka.

Foreldra får mange anledningar til å vera aktive deltakarar (på ein enkel måte) gjennom trusopplæringa til barna.

Foreldra opplever det enkelt å kommunisera med dei tilsette i kyrkja både via telefon, e-post, nettsida og andlet til andlet.

Foreldra adopterer trusopplæringstiltaka som deira eigne familietradisjonar.

Foreldra opplever det enkelt og fint å vera med som leiarar på tiltak.

## Medverknad frå barn og unge

Barn og unge sin medverknad

Som hovudmålet seier, har barna ein suveren status i kyrkja, og dei skal ha rik anledning til å vera aktive deltakarar i og mogelegheit til å påverka si eiga trusopplæring.

Å gje barna rom til å koma med spørsmål, tilbakemeldingar og forslag

Barna og ungdommane må ha reelle opningar til å koma til orde. Dette medfører at me må setja av tid til samtale og spørsmål. Det er og viktig å ha nok leiarar på dei ulike arrangementa til at alle kan bli sett, møtt og lytta til. Etter dei ulike arrangementa må me gje barna mogelegheit til å koma med sine evalueringar og tilbakemeldingar. Det er også viktig å vera open for spontant å bruka tid på emne og aktivitetar som barna gjev uttrykk for at dei er nyfikne på.

Å anerkjenna barna si tru

Når barn gjev uttrykk for trua si, er det viktig utelukkande å møta det dei seier med anerkjenning, sjølv om det dei seier i utgangspunktet ikkje er noko ein som vaksen kristen nødvendigvis er einig i eller forstår. Å vera kristen er å vera på veg, og det er me alle saman, vaksne som barn. Å møta barnet / ungdommen med lyttande haldning og respekt er det beste utgangspunktet for at vedkomande ynskjer å gå vidare på den kristne vegen.

Eit språk for tru

Dersom ein ikkje veit kva corner og offside er, er det vanskeleg å forstå fotball. Mange har eit avansert språk for fotball og politikk, men er nesten utan omgrep å nytta til å snakka om Gud og religion. Å gje barna eit språk for det åndelege, for Gud og det som går ut over det trivielle og materielle, er viktig for å kunna gje barna ein reell sjanse til å påverka si eiga trusopplæring og livet i kyrkja generelt. Eit språk for tru er med på å hjelpa barna til å utvikla trua sine indre sansar. Ein kristen har ikkje berre ytre sansar, men og indre – trua sine sansar. Det er desse som kan gjera at me kan veta at Jesu kjærleik omsluttar oss. Til dømes kan me kjenna oss einsame og gløymt av Gud

av og til, men «trussansane» opplyser oss om at sanninga er at Kristus er med oss alle dagar. Gjennom å la barna snakka om tru og oppmoda dei til å øva opp trussansane sine, blir dei gjort i stand til sjølve i større grad å yta medverknad på trusopplæringa.

Oppgåver i gudstenesta

Av og til kan det synast som barn ikkje kan visa seg i ei kristen forsamling utan at dei må «opptre», ved å til dømes koma fram og syngja ein song eller liknande. Slik må det sjølvsagt ikkje bli. Akkurat som det er greitt at vaksne kan vera sjenerte og ikkje lika å vera så synlege i ei forsamling, må me respektera barna sine personlege grenser og integritet – kyrkja er for alle! Så lenge ein er obs på denne faren, må det understrekast at det er like viktig at dei som likar det, får lov til å utfalda seg og får meiningsfulle oppgåver, og at også dei som er sjenerte, får oppgåver av meir praktisk art (til dømes bera stolar, styra lyd / data /projektorskjerm, laga mat m.m.)

Erfaringsmessig syns dei aller fleste barna det er kjekt å få ei oppgåve i gudstenesta, spesielt dei som er så store som frå tårnagent-alder (8 år) og oppover, og særleg dersom det er mange andre barn som og har oppgåver.

Me prøver å bruka konfirmantane til ulike oppdrag i gudstenestene gjennom året.

At barn og ungdom utfører oppgåver i gudstenesta, sender eit viktig signal om at det ikkje berre er presten og oss andre som jobbar i kyrkja som kan gjera noko viktig i gudstenesta. I kyrkja er det bruk for alle, og alle er gode nok!

Barn som leiarar

Det er fint om eldre barn ynskjer å vera med som leiarar for yngre barn, og me vil gjerne gje alle som vil eit tilbod om dette. Dette er også ein fin måte for dei som ynskjer å bli endå meir involverte i kyrkja til å få sjansen til det. Det beste er om me kan få faste system på dette. Til dømes vil deltakarane på Lys-Vaken (i november) få tilbod om å vera leiarar på Tårnagenthelga i januar / februar. Konfirmantane vil få tilbod om å vera leiarar på diverse ulike tiltak for yngre barn gjennom året.

MÅL:

Det er sett av tid til at barna kan stilla spørsmål og dela erfaringar når dei kjem i kyrkja, spesielt på tiltak frå 8-årsalder og oppover.

Barna utviklar eit språk for tru gjennom trusopplæringa.

Barna opplever at dei kan dela sine erfaringar og spørsmål om tru i kyrkja.

Barna blir alltid møtte med interesse, anerkjenning og respekt når dei deler/ stiller spørsmål.

Det blir lagt til rette for at barna kan øva opp «trussansane» sine.

Dei barna som ynskjer det, får frå 10-årsalder prøva seg som leiarar på arrangement for yngre

## Inkludering og tilrettelegging

IInkludering og tilrettelegging

Innvandrarar

Som kyrkje ynskjer me å inkludera alle som vil vera med, sjølv om barna ikkje er døypte innanfor den norske kyrkja. Det er ei utfordring å koma ut med invitasjon til (spesielt kristne) innvandrarfamiliar, då desse heller ikkje les lokalavisa. Me ynskjer å samarbeida med Grannehjelpa, Røde Kors, Vaksenopplæringa, helsestasjonane og andre frivillige organisasjonar og enkeltpersonar som har mykje kontakt med innvandrarmiljøet. Me trur dette er eit viktig arbeid, der kyrkja kan spela ei rolle når det gjeld integrering. Dagens innvandringssituasjon gjer temaet høgaktuelt. Meir enn nokon gong treng me å setja fokus på korleis me tek imot innvandrarane som kjem. Forutan "Småbarnstreff" (les meir under tiltaket), har me så vidt begynt på dette arbeidet, og dette er noko me truleg må arbeida med kontinuerleg. Håpet er at me også skal få utarbeidt informasjon om trusopplæringstilbodet på ulike språk som kan delast ut til alle som flyttar til kommunen. Dette er noko som må gjerast etter at informasjonsmateriellet på norsk er ferdig til trykking.

Funksjonshemmingar og andre spesielle behov

I invitasjonen til kvart tiltak skriv me spesifikt at alle som treng tilrettelegging av noko slag, både pga funksjonshemming, allergi eller andre ting, om å ta kontakt. Me legg også dette inn som eit eige felt på alle påmeldingsskjema på heimesida. Det er også viktig at me er tilgjengelege for kontakt, helst ved at mobilnummer til oss tilsette blir opplyst om i alle brev og på nettsida, slik at det er enkelt for foreldre til dømes å ringja eller senda sms om det er noko.

MÅL:
Me når ut med tilrettelagt informasjon. Alle som ynskjer det, sjølv om dei ikkje er medlemmer av den norske kyrkja, får informasjon om dei aktuelle trusopplæringstiltaka og at dei er velkomne.
Det er jamleg kontakt mellom trusopplærarane og dei organisasjonane og enkeltpersonane som har spesielt mykje kontakt med innvandrarar i kommunen.
Trusopplæringa fungerer som ein integreringsarena der alle kjenner seg inkluderte og det er lett for barn og foreldre med annan kulturell bakgrunn å møta og bli kjent med andre.
Alle med funksjonshemmingar og andre spesielle behov opplever at det på ein god og sjølvsagt måte blir lagt til rette for at dei kan ta del.

## Gudstenester

Gudsteneste
Kristen tru er ikkje noko ein driv med åleine. Det er å slutta seg til flokken som vil følgja Den gode gjetaren. Å leva som kristen er å få del i noko som er felles, noko som var til før meg. Gudstenesta er kyrkjelyden sin livsrytme, og me ynskjer å leggja til rette for at flest mogeleg finn sin plass i dette felleskapet, om dei så vel å koma ofte eller sjeldan.
Å knyta trusopplæringstiltaka til gudstenester
Me legg opp til at ca ein fjerdedel av trusopplæringstiltaka skal vera knytte til ei gudsteneste. Dette føler me er ein god balanse både i forhold til barna sitt behov for å ha samlingar som er hundre prosent lagt til rette ut frå deira behov og ressursane i staben. Det er ikkje til å stikka under ein stol at det er ressurskrevjande å laga gudstenester som barna opplever meiningsfylte og ikkje keisame. Det er betre at dei blir inviterte til færre gudstenester, men har ei god oppleving på dei dei faktisk er på, enn at kyrkja blir assosiert med noko keisamt. Me vil passa på å «reklamera» for søndagsskulen (i Vikøy sokn under gudstenestene) og andre kontinuerlege tiltak når me har invitert til gudstenester.
Å gjera gudstenesta meir tilgjengeleg
Dersom ein ikkje er vane med å gå på gudsteneste, kan liturgien lett få ein til å kjenna seg framand og utilpass. Kor tid skal eg stå og sitja? Når skal eg sei noko og når er det berre presten som skal snakka og be høgt? Dersom ein heller ikkje kjenner nokon av songane eller bønene, kan ein lett føla seg aldri så lite utilpass, og ein får ikkje så lyst til å koma igjen.
Det er viktig at me har ein liturgi som er enklast mogeleg. Presten må vera ekstra tydeleg på kor tid ein skal reisa seg, be med osv, og gudstenestearket som blir delt ut (dersom ein ikkje nyttar projektor) må vera enkelt å følgja med på.
Det at me nyttar tid på å læra barna om ein del liturgiske ledd, som kyrie, gloria og velsigning på tiltak der dei enno er så små at dei har foreldra med seg, fører også til at både foreldre og barn har større sjanse til verkeleg å delta på gudstenestene.
Å leggja vekt på det sosiale, spesielt etter gudstenesta, er og viktig for å gjera gudstenesta meir tilgjengeleg for barnet og familien. Om ein ikkje heilt veit kor tid ein skal stå og sitja i gudstenesta, så veit alle korleis ein har eit godt, gammaldags kaffislaberas! Godt sosialt fellesskap i Guds hus, med kaffi, te, saft, kjeks, prat og leik har ein stor eigenverdi. Kyrkjekaffi løftar fram kyrkja som sosial møteplass, og gjev heile kyrkjelyden anledning til å engasjera seg i trusopplæringa ved berre å vera saman på ein uforpliktande og hyggeleg måte.
Bibelforteljingane talar til alle aldrar
Å ha ein andakt på gudstenesta som skal treffa både barn og vaksne kan vera ei utfordring. Me meiner at ein god måte å løysa dette på, er å gje formidlinga av sjølve bibelforteljinga stor plass. Jesu liv talar enklare, djupare og til fleire enn teologiske verk nokon gong vil kunna gjera. Me trur at det å formidla forteljingane om Jesus, og dei forteljingane han sjølv fortalde, utan for mykje fortolking og tyding, er ein ypperleg måte å sørga for at både barn og vaksne kan få åndeleg føde i gudstenesta. Bibelforteljingane har alltid noko nytt å gje den einskilde, uansett ståstad, utgangspunkt og tidlegare kjennskap. Forteljinga kan gjerne formidlast på nye og kreative måtar, til dømes gjennom drama, film, leikeforteljing eller gjennom god gammaldags forteljarkunst.
Liturgi på samlingar som ikkje er gudstenester
Liturgien i gudstenesta er utvikla gjennom to tusen år, og dei ulike ledda er ei god hjelp for oss kristne til å ha eit

balansert fokus i det kristne livet. Element som velsigning, glorie, kyrie, forbøn er fine å nytta også i samlingar som ikkje er tradisjonelle gudstenester. Desse samlingane gjev også rom for å gå djupare inn i det einskilde leddet og fortelja kva det betyr, kva opphavet er og å øva på å delta. Til dømes nyttar me alltid «Gratulerer med skulestart»-samlinga for 6-åringane til å fortelja om Bartimeus og knytta dette opp mot kyrie og øva på det.
Tidsbruk er eit viktig pedagogisk verkemiddel!
Ei gudsteneste kan vera utrulig godt lagt opp, men dersom ho varer for lenge, er det lett for at lengda «nullar ut» alt det gode, og det einaste både barnet og foreldra sit att med er at det var keisamt å sitja så lenge i kyrkjebenken.
Mål:
Gudstenester som er knytte til trusopplæringstiltak varer aldri lengre enn ein time (utanom kyrjekaffi) dersom det er bønnevandring og ikkje meir enn 50 min dersom det ikkje er bønnevandring.
Gudstenestene som er knytte til trusopplæringstiltak har alltid i seg eit element der barna og familien kan delta på andre måtar enn å sitja i benken (bønnevandring eller lystenning).
Gjennom trusopplæringa blir dei unge i stand til å kjenna igjen liturgi og delta i andre gudstenester andre stader og i andre land.
Barna veit kva dei ulike liturgiske ledda betyr, kvifor me utfører dei i kyrkja, og dei er i stand til å ta del i dei. (Døme: Lovprising (gloria), syndsvedkjenning, kyrie, velsigning, dåp, nattverd).
Gudstenesteliturgien er gjort så enkel og tydeleg og materiellet som blir utdelt er så godt at alle som kjem veit korleis dei skal oppføra seg, kor tid dei skal stå og sitja, kva bøner dei skal be med på, kor tid dei skal syngja osv.
Det er alltid kyrkjekaffi på gudstenester knytta til trusopplæringstiltak.
Andakten i gudstenestene som er knytta til trusopplæringstiltak, er alltid bibelforteljingar valde ut i planen for å passa tiltaket, og ein legg stor vekt på sjølve formidlinga av forteljinga (gjerne gjennom drama eller andre alternative formidlingsmåtar) og mindre vekt på fortolking / forklaring.

## Diakoni

Diakoni
Trusopplæringa er både diakoni i seg sjølv og opplæring til diakoni
Kvifor diakoni?
Jesus hadde ei særleg omsorg for sjuke og utstøtte menneske. Noko av Gud kom til syne til dømes når Jesus helbreda sjuke, «Guds rike er kome nær» (Mark 1,15). I Matteus 25, 35-40 fortel Jesus oss kor viktig diakoni er, kor høgt han set den einskilde si fysiske og psykiske helse: "For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg (...) Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg". Diakoni har ein eigenverdi – og den er vilkårslaus, akkurat som den ekte kjærleiken! Det handlar åleine om min neste, ikkje om meg sjølv og min eigen agenda. Diakonien vidarefører og vidareutviklar skaparverket, gjer det mogeleg å merka at Guds rike har kome nær. Diakoni er ikkje berre eit middel til evangelisering, men har ein eigenverdi som handling. Jesus omfamna dei marginaliserte for å konfrontera og forvandla alt som hindra liv og overflod til alle. Diakoni er eit mål, ikkje eit middel.
Kyrkja sin diakonale tankegong står også i eit globalt perspektiv. Kampen mot fattigdom og urettferd andre stadar i verda angår også oss. Jesus seier at me skal elska nesten vår som oss sjølve. I likninga om den barmhjertige samaritan, poengterer Jesus at "nesten vår" er alle mennesker - fjern og nær, uansett status.

Trusopplæring som diakoni og opplæring til diakoni
Ei side ved frelsa er å bli fri frå presset til å framstå som vellukka, og den stadige samanlikninga med andre. Å koma på trusopplæringstiltak skal kjennast som å koma til ein fristad frå presset ein har om å vera best og flinkast og penast som ein elles kan oppleva i samfunnet. Dette er ein av dei store fordelane ved å ha tidsavgrensa breiddetiltak samanlikna med kontinuerlege fritidsaktivitetar. Det skal også opplevast som å koma til ein stad der eg blir sett og elska som eg er. Kjærleikens handlingar kan ikkje bli kvardagslege nok. Det handlar om blikk, at nokon hugsar namnet mitt, lyttar til det eg vil fortelja. Det handlar om å byggja ein omsorgskultur kring trusopplæringa, der den einskilde leiaren ser kor viktig nettopp denne delen er.

For det er berre slik barna kan læra å utøva diakoni sjølve. Som ein ikkje kan læra omsorg utan sjølv å ha opplevd omsorg, kan heller ikkje diakoni lærast utan at ein opplever diakoni. Det handlar om å bli sett, vist kjærleik og omsorg. Og å få lov til å prøva å gje vidare. «Learning by doing» er eit fint prinsipp når det gjeld diakoni. Det heile startar med Han som elska oss først.
I konfirmanttida får dei unge høve til å verta kjend med og utøva diakoni i eit globalt perspektiv. Kvart år deltar dei i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Formålet til aksjonen er alltid å bekjempa fattigdom og urettferd i verda.
Vårt diakonale arbeid inneheld også målretta arbeid for at trusopplæringa skal vera ein inkluderings- og integreringsarena. Sjå førre punkt om "inkludering og tilrettelegging", samt tiltaket "Småbarnstreff".
Å verne om skaparverket er ei side ved diakonien som ofte vert gløymd i kristne samanhengar. På "Leikefestival" tek me tak i dette ved å setja ekstra fokus på forvalting av jorda vår (sjå tiltaket). Mennesket er òg ein del av skaparverket som skal vernast om. I konfirmanttida set me fokus på fysisk og psykisk helse. Kvar og ein av oss er skapt i Gud sitt bilete, eit mesterverk, høgt elska av Han på alle vis.

MÅL:
Alle barn og unge opplever seg sett og sett pris på som akkurat den dei er i kyrkja.
Barn og unge blir gjennom trusopplæringa utfordra til sjølve å utøva diakoni i sin kvardag.
Barn og unge får i trusopplæringa anledning til å prøva å utøva diakoni, spesielt i konfirmanttida.
Barn og unge skal verta medvitne om korleis dei kan ta vare på seg sjølv, andre mennesker (fjerne og nære) og jorda vår.

## Misjon

Misjon
Vår djupaste røyndom er at me er skapte i Guds bilde. Det handlar om å vera den Gud skapte oss til å vera og bli sette fri til å verka i verda med det unike han har gitt kvar einskild av oss.
Trusopplæring = misjon?
Misjonsbefalinga, Matt 28, 18 – 20, blir lesen i kyrkja kvar gong det er dåp:
«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»
Dette syner kor nært samanknytt dåp og misjon er, og at trusopplæring (opplæring i den trua me er døypte til) også er misjon.
Fokus på å vera skapt i Guds bilde
Sjølve ordet misjon er for mange dessverre eit belasta ord som kan gje negative assosiasjonar. Dette er ei utfordring når me skal arbeida med misjon som tema i breiddetiltak i trusopplæringa. Kyrkja sin tradisjonelle tale om synd og tilgjeving vekkjer ofte liten gjenklang hjå mange søkande, moderne menneske. I trusopplæringa vil gjerne det Bibelen seier om at me er skapte i Guds bilde, gje meir meining og vera eit betre utgangspunkt. Sjølv om me alle kan koma til kort og feila, så er det ikkje feila og manglane våre som definerer kven me er. Vår djupaste røyndom er at me er skapte i Guds bilde. Guds kjærleik kallar på dette bildet i oss, for å setja oss fri til å vera dei me verkeleg er. Misjon angår alt kyrkja driv med. Å leva som kristen er å leva som disippel, vera utsendt i den verda me lever, både lokalt og globalt. Det er ein dimensjon av å vera sendt av Gud i alt vi gjer som kyrkje.
Vern om mysteriet
«et mysterium er ikke noe vi braser rett på. Vi tramper ikke inn til kongen. Forsiktig bøyer vi oss over den nyfødte. Også stor kunst krever inntoning for å kunne tas imot. En helt rasjonell tilnærming til læren om Jesus er like fånyttes som å studere musikk ved å lese noter, men aldri ha hørt musikk. Rekkefølgen er avgjørende. Først når vi har opplevd musikk, kan noter si oss noe meningsfullt. Først når Jesus vekker vår undring og ærbødighet, kan læren om ham gi mening.» (Nyhus og Nyhus 2014, s 109)
Då Jesus kalla disiplane sa han «følg meg!» - ikkje «tru på meg!» Trua på Jesus byrja ikkje med læra om han, men ho vaks fram når dei følgde han. Ved kvar nattverd seier me i kyrkja: «Mysteriet i trua er stort». Det er viktig at trusopplæringa gjev rom for mysteriet, undringa og erfaringane til den einskilde, både vaksne og barn. Sit trua berre i hovudet? Kan ein gjera ting som handlar om å følgja Jesus sjølv om ein ikkje har heilt for seg læra om

han? Å leggja til rette for enkle handlingar som handlar om å utøva tru, utan for mange ord, er ein god måte å gje plass til mysteriet på. Ein kan få erfaringar av Jesus, av tru, sjølv utan forkunnskapar. Å ha stille stunder med lystenning på babysang, bønnevandring med ulike postar på gudstenester, gjev nettopp slike opningar for at ein kan erfara Jesus.

Å skapa gode møte med søkande som kjem til trusopplæringsarrangement

Det er viktig for alle som kjem til kyrkja at det ikkje blir sett spørsmålsteikn ved dei åndelege erfaringane deira. Det er viktig å møta det som dei deler med respekt og ikkje avvisa det som er dyrebart for dei. Her kan det vera til god hjelp å ha som køyreregel at i staden for å føla oss trua eller støtt av det eit barn, ein ungdom eller ein forelder fortel på eit dogmatisk eller teoretisk plan, bør ein heller søka å lytta til hjarta i det dei fortel. Kva er lengselen, draumen, smerten eller den eksistensielle uroa som kjem til uttrykk i det denne personen fortel? Korleis ser ein teikn på at Gud er på ferde i livet hans / hennar? Korleis kan ein knyta an til dette som Gud allereie er i gang med og velsigna det?

Gå inn i di tid!

Heilskapleg misjon er å dela evangeliet i ord og handling. Misjon og diakoni er nært samanknytta. Misjon er ikkje veldedighet, det er å arbeida for rettferd. Ein må spørja: KVIFOR er verda urettferdig? KORLEIS kan vi endra på det? Kvar tid byd på sine aktuelle utfordringar som gjer seg særleg gjeldande i verda og trugar utviklinga av sivile samfunn. I skrivande stund er det klimaendringar og krigar / kriser som følgje av ekstreme islamske rørsler (IS) som er spelsielt i fokus. Det er eit mål at trusopplæringa skal støtta opp om utviklinga av medvit, solidaritet og kritisk tenking hjå dei unge. Kva gjer naud med menneske? Det er viktig å gje plass til undring og refleksjon kring slike spørsmål, og konfirmasjonsførebuingstida gjev spesielt mogelegheit til dette.

Impulsar frå område der kyrkja er i vekst

Alle kyrkjelydar og kristne organisasjonar har eit felles oppdrag med same oppdragsgjevar. Kyrkja veks i det globale sør og også i mange område der kristne blir forfølgde. Me her oppe i nord treng impulsar frå område der kyrkja er i vekst. Det er særskilt spennande for barn å høyra om korleis forfølgde kristne har det, og korleis kyrkja veks i land der det er forbode å vera kristen. Me har funne at Tårnagenthelga er spesielt egna til å la barna få innblikk i situasjonen til forfølgde kristne. Å sitja mange tett saman på eit mørkt og hemmeleg loft / tårn, gjev spesielt gode rammer for å fortelja om korleis kristne i mange land har det: Det er mange som ikkje har ei kyrkje som oss, men må samlast på hemmelege plassar. Korleis er det å vera redd for at politiet skal koma og finna ut at dei er kristne? Kva gjer menneske i slike situasjonar? Syng dei songar? Ber dei? Har dei hemmelege symbol og teikn? Hemmeleg språk? Det finst også innvandrarar i kommunen vår som kan gje oss innblikk i korleis det er å vera forfølgd, og dette er ein ressurs me ynskjer å nytta oss av. Einskap i den verdsvide kyrkja og det verdifulle i å få impulsar frå kristne i andre land, er også noko av grunnen til at me ynskjer å arbeida målretta for å leggja trusopplæringa til rette for innvandrarfamiliar. (Sjå avsnitt om tilrettelegging og diakoni).

Misjonsorganisasjonane

Misjonsorganisasjonane er viktige ressursar som me ynskjer både å støtta og å ha meir samarbeid med. Spesielt Himalpartner, som fleire av sokna har misjonsavtale med, vil vera ein sentral samarbeidspartnar her. På Lys Vaken vil det vera fast innslag at det kjem representantar frå ein misjonsorganisasjon og har eit innslag for barna. På kyrkjekaffien etter gudstenesta vil Lys-Vaken-deltakarane få selgja kaffi, saft, vafler og is til inntekt for den aktuelle misjonsorganisasjonen.

Å dela det ein har fått

Misjon er å dela og ta imot. Gjennom trusopplæringa lærer barna å dela det dei får, både materielt og åndeleg. Det at barna har eit språk for tru, mogeleggjer at dei betre kan setja ord på det dei sjølve opplever på trusvegen. Men minst like viktig er det at dei opplever at det er tid og openheit for å lytta til det dei har å dela. (Sjå meir om dette under punktet «Barn og unge sin medverknad») Barna treng også at leiarane går føre i å dela av si eiga tru på ein personleg (men ikkje påtrengjande!) måte. Berre slik kan ein sunn delekultur oppstå som me håpar vil spreie seg slik at barna ynskjer å dela vidare av trua si.

MÅL:

Barna skal på alle trusopplæringsarrangement bli formidla at dei er viktige for Gud og for menneska rundt seg.

Barna blir utfordra til takksemd, med spesielt fokus på dette i fire av trusopplæringstiltaka.

Barna møter leiarar som er førebilde i å dela.

Barna får møta representantar for minst ein misjonsorganisasjon.
Barna / ungdommane får vera med å samla inn pengar til misjon / bistand både under Lys Vaken og i konfirmanttida.
Barna veit noko om forfølgde kristne

## Musikk og kultur

Musikk og kultur
Trusopplæring er kulturformidling. Det er eit mål for oss at Guds rike skal forkynnast gjennom alle sansar. Kultur handlar om så mykje, og me skal både ta vare på og vidareføra gamle tradisjonar og vera aktive i å skapa ny kultur.
Musikk
Musikk har stor kraft i seg og kan skapa åndeleg ro i ei bråkete forsamling. Dersom ein song fengjer eit barn, kan den leva vidare i barnet med bodskapen sin lenge etter at trusopplæringsarrangementet er over. Me ynskjer også å nytta musikk til å skapa ein kultur kring trusopplæringa mellom anna med å finna ein del songar og salmar som skal gå igjen på ulike trusopplæringsarrangement. (Sjå vedlagt samlekanon)
Som det er skildra i avsnittet «grunnlag og særpreg», så har Kvam eit svært rikt kulturliv og då spesielt ein god kulturskule. Dette er ein ressurs me kan nytta i langt større grad ved til dømes å invitera kulturskuleelevar til å bidra med song og musikk på arrangement me har.
Kunst
Det estetiske er viktig og kommuniserer på ein annan måte til oss enn ord. Det varierer frå person til person kor viktig det estetiske er, men trusopplæringa skal ta omsyn til nettopp desse skilnadane og stimulera også den estetiske sansen Gud har gitt barna.
Barna får innblikk i kristne symbol og kyrkjekunst både på Tårnagenthelga og på Lys Vaken. I tillegg får dei som ynskjer det lov til å laga noko på mange av tiltaka. Å tilby barna ei mogelegheit til å bearbeida det dei har fått på samlinga gjennom kreativ sjølvverksemd har ein stor verdi for korleis dei integrerer nye erfaringar som dei har fått i kyrkja.
Biletbibelen som barna får når dei er fire år, er ei påkosta praktbok illustrert av den nederlandske kunstnaren Maijke ten Cate. Bileta i denne fortel langt meir enn teksten seier. Me nyttar også bilde frå denne bibelen ved fleire andre seinare tiltak.
Som nemnd tidlegare, har me eit levande og stort miljø av kunstnarar og kunstinstituasjonar i Kvam, spesielt i Ålvik. Kulturskulen tilbyd og kunstskule. Me ynskjer å oppretta sterkare band mellom kunstnarar, kyrkja og trusopplæringa, og dette er noko me vil arbeida meir med dei næraste åra.
Matkultur og andre gamle tradisjonar
Hardanger har og ein rik og lang folkevisetradisjon. Me har funne fram til nokre religiøse folkeviser som kan børstas støv av og nyttast i trusopplæringa. Me nyttar både religiøse og ikkje-religiøse folkeviser i babysang. Kvinnegruppa på bedehuset har samla inn både oppskrifter på tradisjonsmat og gamle songar, rim og regler for barn, som dei har gitt ut i fine hefter: «Vers med tradisjon» og «Mat med tradisjon».
I tiltaket «Leikefestival» blir ein annan del av kulturen løfta opp: dei gamle barneleikane. Gjennom å læra barna leikar som står i fare for å gå i gløymeboka, er trusopplæringa med på å vidareføra verdifull kultur. På dette tiltaket blir det også servert tradisjonsmat som me håpar me finn eldre som kan laga til. Kanskje kan me også utvida dette tiltaket med at konfirmantar som ynskjer det samstundes kan læra å laga til dømes tradisjonelle mjølkekaker av eldre?
Å vera ei kyrkje som er med å forma ny kultur og tradisjon
Kulturen vår endrar seg og utviklar seg konstant. Trusopplæringa skal ikkje berre vidareføra gamle tradisjonar. Me ynskjer også å vera ei kyrkje som aktivt er med å påverka nye tradisjonar og kultur som utviklar seg. Eit døme på dette er Halloweenfeiringa slik den har utvikla seg dei siste åra i landet vårt, godt hjelpt av handelstanden. Me ynskjer å vera aktive kulturskaparar i å gje slike nye og tilsynelatande «tomme» tradisjonar eit meiningsfullt innhald som kan knytast til kristen tru. Slik vil me også få verdifull drahjelp ( i staden for motstand) frå handelstanden i å få barn med på trusopplæringstiltak. Her i kommunen er det som andre stader mykje fokus på «knask eller knep» og skumle utkledningar på Halloween, men ingen skikkelege tradisjonar har fått feste, sjølv om barna tydeleg er

svært opptekne av dette. Her er det eit ypperleg «vakum» for oss til å setja inn eit trusopplæringstiltak med ein Halloweenfest som me kan fylla med det som halloween / helgemessesundag opprinneleg handla om: Ei markering av døden og det nye livet. Kva skjer når vi døyr? Korleis er det i himmelen? Sorg og saknad hand i hand med fest og livet her og no. Me treng ei anledning til å setja fokus på dette i trusopplæringa! Var det ikkje liknande grep kyrkja eingong gjorde då jula vart innført ved vinterblot?
MÅL:
Det blir nytta musikk på alle trusopplæringstiltak. Så langt det let seg gjera nyttar me levande musikk og det er med nokon som spelar eit instrument.
Trusopplæringa spelar på lag med det lokale kulturlivet og kulturskulen.
Barna blir kjende med, og får betre forståing for, kyrkjekunsten gjennom trusopplæringa.
Barna får anledning til sjølve å utfalda seg kunstnerisk på ulike trusopplæringstiltak.
Barna opplever at deira estetiske sansar blir stimulerte i kyrkja.
Kunstnarar i kommunen engasjerer seg trusopplæringa i kyrkja.
Barna blir kjende med nokre gamle mattradisjonar gjennom trusopplæringa.
Barna lærer gamle barneleikar i trusopplæringa.
Trusopplæringa er med på å skapa ny kultur og tradisjon og å tilføra meining til nye tradisjonar.

## Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar
Dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane har drive trusopplæring i kommunen i lange tider. Dei har ein unik kompetanse og er ein uvurderleg ressurs og ein viktig bærebjelke i det landskapet som utgjer det totale kristne tilbodet til barn og unge. Trusopplæringa skal ha eit nært og godt samarbeid med desse organisasjonane og bidra positivt med rekruttering til organisasjonane sitt arbeid.
Samarbeid og rekruttering
Det er eit godt samarbeid med dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane i kommunen. Me ynskjer at trusopplæringa skal bidra positivt med rekruttering til arbeidet desse organisasjonane gjer. Døme på dette er at me passar på å la barnekora syngja på til dømes gudstenesta der det blir delt ut bøker til 4-åringane, og koret får samstundes sjanse til å invitera nye medlemmer velkommen. Spesielt ved tiltaket som er lagt til overgangen mellom barne- og ungdomsskule, blir det lagt vekt på å introdusera Ungdomskoret og Krik grundig.
Konfirmantsamarbeid
Det blir i desse dagar arbeidd med å leggja om konfirmantarbeidet slik at det blir eit langt tettare samarbeid mellom dei kristne tiboda som finst for aldersgruppa: Ungdomskoret, KRIK og ungdomsklubben Origo, der deler av konfirmantopplegget er å vera med i ein av desse aktivitetane (valfritt, det vil også vera ei gruppe for dei som ikkje vil ta del i noko av dette).
Konfirmantleiren me reiser på, blir arrangert av Acta –barn og unge i Normisjon. Me vurderer også å laga ei fellesreise til leir i regi av til dømes Indremisjonssamskipnaden i etterkant av Lys Vaken.
Samarbeid i praksis
Det er viktig å ha faste møtepunkt mellom barne- og ungdomsorganisasjonane og oss som arbeider i kyrkja.
MÅL:
Barne- og ungdomsorganisasjonane opplever at trusopplæringsarbeidet i kyrkja verkar positivt inn på deira arbeid.
Det er faste møtepunkt mellom organisasjonane og dei tilsette som arbeider med trusopplæring i kyrkja.

## Frivillig medarbeiderskap

Oppfølgjing av frivillige medarbeidarar
For å kunna gjennomføra alle tiltaka me legg opp til i denne planen, er me heilt avhengige av frivillige medarbeidarar i enno større grad enn me har vore til no. Det er ei utfordring både å rekruttera nye frivillige og å få følgja dei frivillige opp på ein god måte.
Foreldre
Me nyttar foreldre til barn som skal delta på det einskilde tiltaket i stadig større grad, og i dei tilfella er det

begrensa kor mykje oppfølgjing som trengs, men det er viktig å hugsa å tilby dei å vera frivillige på andre tiltak også. Me har kanskje lett for å tenkja at alle har det travelt og ynskjer å bidra minst mogeleg. Frivillig medarbeidarskap kan vera ein fin veg inn i det kristne fellesskapet

År etter år på same tiltak

Fram til no har det mest vore slik at det er ytterst få frivillige som går igjen på fleire tiltak, men meir at dei bidreg på det same tiltaket år etter år. Det å bidra til dømes på Lys Vaken fleire år på rad, gjer at dei frivillige veit kva dei går til, kan vera med å gjera forbetringar år etter år, samstundes som ein har kontroll over tidsbruken, sidan det berre er ein gong i året.

Balanse mellom spelerom og for mykje ansvar

Det er også ein utfordrande balanse å gje dei frivillige ansvar, fridom og spelerom, samstundes som dei ikkje må kjenna seg åleine og overlatt til seg sjølve på ein ubehageleg måte. Oppfølgjing med samtale er den einaste måten å finna ut kvar den gode balansen ligg hjå den einskilde.

Framnes kristne vidareåande skule

Mange elevar frå Framnes kristne vidaregåande skule stiller opp som leiarar. Dei får dette godkjent som praksis i kristendomskunnskapsfaget i 2. klasse. Desse elevane blir også følgde opp av skulen, så det er verkeleg ei gåvepakke til kyrkja som me er takksame for.

Fadderordning

Det er også behov for at fleire tek ansvar i tiltak. Dersom alle tek ein liten bit, blir det ikkje så mykje på kvar, men det vil utgjera ein stor skilnad! Me ser også at det hadde vore fint om medlemmene i soknerådet kan ta på seg å vera «fadder» til eit trusopplæringstiltak, ikkje minst for å gje soknerådet betre innsyn i og engasjement for trusopplæringa.

Å framelska initiativ og frivilligheit

Me ser at det har vore ein terskel for mange å våga å ta initiativ til å starta aktivitetar i kyrkja, kanskje spesielt samanlikna med bedehuset. Det kan kjennast sårbart «å koma her og koma her» i kyrkja. Denne terskelen ynskjer me å riva ned. Det er spesielt viktig at dei tilsette i kyrkja har ei imøtekomande og oppmuntrande haldning til alle som kjem innom for å gjera noko i kyrkja, sjølv om dei kanskje forstyrrar arbeidsroa noko for dei som sit med kontorarbeid.

Oppfølgjing frå sokneråda

Sokneråda sender kvart år ut julehelsing til alle frivillige, og annakvart år blir det arrangert frivilligfest.

MÅL:

Alle medlemmer i soknerådet er «fadder» til minst eitt tiltak som dei vel seg ut sjølve ut frå interesse og overskot.

Dersom det er behov for fleire frivillige, arrangerer me medarbeidardugnad blant staben – skippertak der me samarbeider om å rekruttera nye.

Det gode samarbeidet med Framnes blir hegna om. Kyrkjelydspedagogen dreg ut på Framnes i byrjinga av kvart skuleår.

Alle frivillige som har vore med på eit tiltak, blir gitt rom til å vera med å evaluera i ettertid/eventuelt på slutten av tiltaket.

Det blir jamleg sjekka ut munnleg med dei frivillige om dei synest dei får nok spelerom eller om det blir for mykje ansvar.

Det er alltid mogeleg for foreldre å melda seg som frivillige ved påmelding til eit tiltak.

Staben møter alle initiativ og frivillige utelukkande positivt.

Soknerådet sender årleg ut julehelsing til alle dei frivillige, og annakvart år blir det arrangert frivilligfest.

Mål: sokneråd tema trusopplæring kvart møte

## Tverrfagleg samarbeid

Godt tverrfagleg samarbeid krev gode møtepunkt og ei felles plattform å arbeida ut frå.

Eit nettverk av relasjonar

Det er eit poeng at barna blir kjende med soknepresten for kyrkja dei høyrer til i. Dette gjeld også organistane og dei andre som er tilsette i kyrkja og soknerådet. Kristen tru er noko me er saman om. Me tenkjer at det er viktig at

barna møter eit kristent (fagleg) fellesskap, og at dei knyter relasjon ikkje berre til bygningane, men til menneska som verkar her.

Møtestruktur

Dei tilsette i kyrkja har arbeidsmøte ( for prestar, kontorsekretær, organistar, kyrkjeverje, kateket og kyrkjelydspedagogar) kvar tysdag unntatt 3. kvar tysdag, då er det stabsmøte for heile staben. Desse møta er ein viktig arena for å setja trusopplæringa på dagsorden for alle tilsette.

Å gje plass til «dette nye»

Frivillige er vel å bra, men det går fort i stå utan at visse ytre rammer og ressursar er på plass. For å få til dette, må me møtast og setja det på dagsorden jamleg. Det er uvant for ein organisasjon som har drive med gudstenester, gravferder og bryllaup i «alle år» å plutseleg ta hand om ei rekkje nye arrangement. Mens det er heilt naturleg at det blir sytt for både organist, kyrkjetenar og prest til alle «gamle» arrangement, tek det tid å få eit godt system til å gje trusopplæringsarrangementa dei gode organisatoriske rammene som trengs. Det er også ei utfordring at det har kome lite føringar frå biskop og prost om kva til dømes prestar og organistar skal gjera mindre av for å få frigjort tid til å vera med på trusopplæringa.

Sjå elles føregåande avsnitt om «fadderordning» som dei tilsette involverer seg i.

MÅL:

Alle tilsette kjenner felles medansvar for å gjennomføra trusopplæringsplanen.

Trusopplæring er tema på alle stabs- og arbeidsmøte (nokre gonger 2 min, andre gonger 30 min)

Trusopplæringsarrangement har same «status» og same «rett» på ressursar som til dømes gudstenester.

Barna blir gjennom trusopplæringa kjende med mange fleire tilsette i kyrkja enn kyrkjelydspedagogane og kateketen.

## Kommunikasjonsarbeid

Kommunikasjonsarbeid

For å nå måla våre, må kyrkja kontinuerleg arbeida med kommunikasjonen!

Brev i posten

Alle døypte barn får brev i posten med invitasjon til tidsavgrensa breiddetiltak. Me prøver å gjera invitasjonane så fine, fargerike og inspirerande som råd.

Lokalavisa

Det store fleirtalet les lokalavisa Hordaland Folkeblad, så ei annonse der rekk ut til mange. For å nå dei som ikkje er i vårt medlemsregister, vil me alltid også ha ei annonse i lokalavisa før kvart breiddetiltak. Utfordringa her er å nå ut til innvandrarfamiliane som ikkje pleier å lesa lokalavisa (sjå eige avsnitt under «Inkludering og tilrettelegging».

Heimesida

Heimesida vår er viktig, og me har arbeidd mykje med å få til ei side som er informativ og enkel. Me legg ut informasjon om alle trusopplæringstiltak med påmeldingsmogelegheiter i god tid.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet kjem ut fire gonger i året, når ut til alle i kommunen og blir flittig lest. Det står både om minst eitt trusopplæringstiltak som har vore, og eitt som skal koma i kvart nummer (ofte meir). På grunn av at det berre kjem ut fire gonger i året, krev det ein del planlegging å få godt og nytt stoff inn i kyrkjebladet.

Informera om andre trusopplæringstiltak når det er trusopplæringstiltak

Me har tru på at det har god effekt og skaper medvit kring trusopplæringa å snakka om andre tiltak til dei frammøtte på eitt tiltak.

Informasjonsmateriell / oppslag i kyrkjene

Me vil utvikla materiell med plakatar og brosjyrar om alle trusopplæringstiltaka. Det skal hengja plakat i alle kyrkjene, og i nærleiken av plakatane skal det liggja brosjyrar som folk kan ta med seg. Målet er at dette materiellet skal vera klart innan juni 2016.

Informasjonsfilm

Ila sommaren 2015 vil det bli laga ein kort informasjonsfilm på 3-4 min om trusopplæringa i Kvam. Denne vil bli lagt ut på heimesida vår, på youtube, den vil bli vist på ulike trusopplæringsarrangement og prestane skal visa

filmen på dåpssamtane.

Dåpssamtalen som strategisk startpunkt

I dåpssamtalen får foreldra presentert nokre hovudpunkt frå denne trusopplæringsplanen og kva tiltak dei kan forventa at barnet vil bli invitert til gjennom oppveksten. Så snart filmen om trusopplæringa er ferdig, vil presten sjå denne saman med foreldra på dåpssamtalen. Foreldra får også med seg informasjonsbrosjyren om trusopplæringa heim.

Facebook

Til enkelte tiltak som varer over fleire gonger, som babysong og konfirmasjonsførebuing, lagar me også facebook-grupper. Me vil i løpet av året få oppretta ein profil på Facebook som heiter Trusopplæring i Kvam, der dei som er interesserte i informasjon om trusopplæringstiltak, kan leggja seg til som venn.

Grafisk profil

Me planlegg å utvikla ein grafisk profil som skaper attkjenning. Dette arbeider me med kontinuerleg etter kvart som me utarbeidar nye invitasjonar og kommunikasjonmateriell. Målsetjinga er at me skal landa på ein grafisk profil innan utgangen av 2015.

MÅL:

Alle barn under 11 mnd i kommunen får invitasjon til babysang i posten.

Alle som har født barn får informasjon om dåp i posten.

Brosjyre om trusopplæringa blir delt ut og snakka om på dåpssamtalen.

Alle barn som er medlemmer får brev / kort i posten med invitasjon til kvart trusopplæringstiltak

Det er annonse i lokalavisa Hordaland folkeblad før kvart trusopplæringstiltak.

Det er lett å finna all informasjon som trengs om trusopplæringa på heimesida.

Kyrkjebladet har alltid ei side med trusopplæringsstoff, både om arrangement som har vore og om noko som skal skje i framtida

Det blir informert om neste aktuelle tiltak for aldersgruppa på alle trusopplæringstiltak. Døme: Snakkar om kva som skal skje når dei er fire, fem og seks år på Krølletreffet for treåringane).

Informasjonsfilmen om trusopplæringa blir vist på alle dåpssamtalar og på mange trusopplæringsarrangement.

Det heng godt synleg informasjon / plakat om trusopplæringa i alle kyrkjene. I nærleiken av plakaten ligg det og diverse materiell som ein kan ta med seg.

Facebook blir nytta aktivt, spesielt i konfirmasjonsførebuingstida.

Facebookprofilen «Trusopplæring i Kvam» sender venneforespørslar til både frivillige og foreldre som har delteke på tiltak. Profilen blir kontinuerleg oppdatert med informasjon om trusopplæringa.

Det blir utvila ein grafisk profil for trusopplæringa innan utgangen av 2015.

# Tiltak

### Antall aktive tiltak:

12

### Totalt antall timer:

133

| Alder | Namn på tiltaket | Omfang i samvær | Omfang i timer |
|---|---|---|---|
| 0 | Dåpssamtale | 2 | 4 |
| 0-1 | Babysong | 10 | 20 |
| 1-6 | Småbarnstreff | 10 | 20 |
| 2-4 | Krølletreff | 1 | 2 |
| 4 | 4-års bok / barnebibel | 2 | 4 |
| 5 | Soveposekonsert | 1 | 2 |
| 6 | 6- årsbok | 2 | 4 |
| 7-9 | Leikefestival | 1 | 3 |
| 7-9 | Tårnagent-helg | 2 | 8 |
| 10-12 | Kyrkjekino, Narnia | 1 | 4 |
| 14 | Snart konfirmant | 1 | 2 |
| 15 | Konfirmasjonsførebuing | 20 | 60 |

| **Tiltak i planen rettet mot det enkelte alderstrinn** | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Alderstrinn | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 |
| Antall | 2 | 2 | 2 | 2 | 3 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 |

## Dåpssamtale Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

0

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Foreldra / evt ungdommen kjenner seg velkomne i kyrkja.
• Foreldra opplever at presten er oppriktig interessert i korleis det har vore for dei å få eit nytt barn og kva dei tenkjer omkring dette.
• Foreldra / ungdommen kjenner seg trygge på kva som reint praktisk skal skje i gudstenesta og under dåpshandlinga.
• Foreldra veit kva trusopplæringa i kyrkjelyden er, og litt om kva dei kan forventa at barnet blir invitert til gjennom oppveksten.
• Foreldra kjenner til innhaldet i dåpen og reflekterer at den er eit synleg teikn på Guds usynlege nåde.
• Foreldra reflekterer over samanhangen mellom tru, dåp og fellesskapet av truande.
• Familien opplever dåpshandlinga som ei fin og heilag stund.

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 2
Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

Prest

### Kommentarer

Under er det skildra dåpssamtale og dåp av små barn. Ved dåp av større barn og ungdom, til dømes før konfirmasjon, er mykje det same, men vert sjølvsagt tilpassa barnet / ungdommen sin alder.
Ved spedbarns-/småbarnsdåp er dåpssamtalen er eit strategisk startpunkt for trusopplæringa. Presten møter foreldra og samtalar med dei om korleis det har vore for dei å få eit nytt barn og ynskjer dei ettertrykkeleg VELKOMNE til kyrkja med den nye verdsborgaren. Det blir samtala om at barnet er skapt av Gud og i Guds bilde. Presten tek opp sentrale sider ved dåpen og samtalar med foreldra om desse. Presten går og gjennom korleis dåpen og gudstenesta praktisk skal føregå, og han oppfordrar foreldra til å finna familie eller fadrar som kan delta med tekstlesing i dåpsliturgien på gudstenesta. Presten snakkar om foreldra og fadrane sine løfte og oppgåver og korleis kyrkjelyden gjennom trusopplæringa ynskjer å støtta foreldra og fadrane i oppgåvene deira. Foreldra får presentert nokre hovudpunkt frå trusopplæringsplanen, presten og foreldra ser informasjonsfilmen om trusopplæringa og samtalar litt om kva tiltak foreldra kan forventa at barnet vil bli invitert til gjennom oppveksten. Dei får også med seg informasjonsbrosjyren om trusopplæringa heim.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Dåpen er både ein familiefest og eit synleg teikn på Guds usynlege nåde. Dåpen (sakramenta) er ei gåve til oss slik at me kan ha synlege teikn på Guds usynlege nåde. Dåpen har nokre ytre teikn (døypefont, vatn, dåpskjole...) og samstundes eit indre innhald, det er noko som skjer, som vi ikkje kan sjå. Dei synlege teikna er noko Gud har gitt oss for at vi skal kunna, med vår forstand, gripa litt av hans vilje, hans tankar og handlemåte med oss. Gud ikkje er avhengig av dåpen, men dåpen er ein måte han gjer seg synleg for oss menneske. Det er ei gåve!

Tru og dåp høyrer saman, barnet blir tatt inn i ein fellesskap (kyrkjelyden) av truande. Dåpsnåden blir samanlikna

med livgivande vatn. Dåp skapar liv og tru, tru og dåp høyrer saman. Dette verset rammar inn livet vårt: "Og ved tidens grenser lever fortsatt, dine løftes-ord ved døpefonten, dåpens lys forblir når livet slukner."
• Me er velkomne og høyrer til hos Gud og i kyrkjelyden.
• Me har eit ansvar for barnet og kyrkjelyden kan støtta oss i dette.
• Me ynskjer å la barnet vårt delta på trusopplæringa i kyrkja.

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

• Dåpsliturgien
• Gudstenesteliturgien
• Dåpsbefalinga Matt 28, 18-20
• Jesus og borna Mark 10, 13-16
• Salmar under gudstenesta

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

• Delta på gudsteneste
• Bøn i dåpssamtalen
• Tenne lys for barnet

### Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet

## Babysong — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

0-1

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Mor/far og barn har ei fin stund saman i kyrkja
• Foreldra blir inspirerte til å syngja for og med barnet heime også
• Barnet opplever å ha mor/far sitt fulle fokus under heile sangstunda
• Foreldra opplever at dei får noko som har relevans for livet deira i kyrkja
• Både barn og foreldre opplever at å syngja saman skapar samhald
• Foreldre og barn opplever kyrkja som ein god møtestad i nærmiljøet
• Foreldra lærer nokre kristne songar som dei held fram med å syngja for barnet etter at babysangen er over
• Foreldra opplever at det fint å tenna lys og evt be for barnet og får lyst til å gjera det heime også

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 10
Totalt antall timer: 20

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagogen

### Kommentarer

Felles babysong i Norheimsund kyrkje for heile kommunen. Annakvar måndag, til saman 5 gonger om våren og 5 gonger om hausten. Invitasjon blir sendt ut til alle under 11 mnd, både om våren og hausten. Dersom det er så mange at me må ha to grupper, har dei minste barna songstund før lunsj og dei største barna etter lunsj. Samlinga opnar med lystenning (i lysgloben, foreldra tenner lys med barna på armen) medan songen «Vær meg nær O Gud» blir spelt på lydanlegg. Deretter er det ulike barnesongar, regler og dansar. Samlinga blir avslutta med to ulike velsignelsessongar. Det blir blåst såpebobler over kvart barn og sagt «Gud velsigne deg, (barnets namn)!» Til slutt er det lunsj som frivillige i kyrkjelyden har laga til. Foreldra betalar for det maten omlag kostar i innkjøp (150,- pr semester).

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Kyrkja tilbyd fellesskap som eg kan få vera ein del av
• Det er godt å vera i kyrkjerommet

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Kristne barnesongar (sjå salmekanon)
Velsigninga 4. Mos 6, 24-26

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Synge
Tenne lys
Ta imot velsigninga
Ete saman

### Arbeidsmåter

Invitasjon blir sendt i posten til alle.

Samling etter eit fast opplegg, lystenning i byrjinga av kvar samling.

Felles lunsj, tilberedt av pensjonistar i kyrkjelyden.

**Vedlegg:**

- invitasjon babysang3.docx (/Files?fileID=4abc6108-5041-4408-bea9-ba75630c5a00)
- Invitasjon til babysang høst 2010.pdf (/Files?fileID=8e662131-0853-415b-847a-9a8d957dcafa)
- program babysang 2014.docx (/Files?fileID=8a0029c1-655f-4141-8bc7-9f8e09e2f151)
- program babysang 20141.docx (/Files?fileID=28824c2d-ee02-4343-a0b8-f857d6d4f098)

## Småbarnstreff

Ålvik, Vikøy, Øystese

### Aldersgruppe

1-6

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna har det kjekt
• Foreldra opplever at kyrkja er ein inkluderande og god møtestad som betyr noko i livet deira
• Barna lærer kristne songar
• Barna lærer bordvers

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 10
Totalt antall timer: 20

### Ansvarleg

Frivillige og Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Samling for barn og foreldre frå heile kommunen i Norheimsund kyrkje onsdagar kl 10. Samlinga byrjar med ei lita songstund inne i kyrkjerommet, med ei blanding av (mest) kristne barnesongar og andre songar. Etter songstunda er det leik og enkle formingsaktivitetar i kyrkjelydssalen, før det er felles lunsj. Foreldra tek med niste, det blir servert drikke.
Me ser at dette er eit svært positivt tiltak for innvandrarar og andre som treng eit ope, inkluderande fellesskap for kortare eller lengre periodar. Tiltaket er eit gratis lågterskel-tilbod.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Kyrkja er eit spennande hus
• Eg er velkomen og høyrer til i kyrkja
• Det skjer gode ting i kyrkja
• Kyrkja er ein stad for fellesskap

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Velsigninga 4. Mos 6, 24-26
Kristne barnesongar:
Jesus kom inn
Kan du si meg hvem jeg er
Guds kjærlighet
Jesus elsker alle barna
Eg er trygg hos deg
Om eg er liten eller stor
Vår Gud er så stor
Må Gud velsigna deg
O du som mettar liten fugl

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Synge

Ete saman

Synge bordbøn

### Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet.  I tillegg inkluderer dette tiltaket: kyrkjeverje ( på gitar), og kyrkjetenar

## Krølletreff Ålvik

### Aldersgruppe
2-4

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?
• Barna og foreldra har det kjekt i kyrkja
• Barna veit at Gud har skapt alt, alle dyr, alle menneske og alt anna me kan sjå
• Barna høyrer namnet Jesus og begynner å laga seg ei forestilling om kven han er.
• Barna kan sangen «kan du si meg hvem jeg er»
• Barna kjenner forteljinga om sauen som vart borte
• Barna blir glade i koselamma som dei får, og ber dei med seg vidare i livet som ei påminning om ei god oppleving i kyrkja, og ei fin forteljing om kor god Gud er.

### Omfang
Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 2

### Ansvarleg
Kyrkjelydspedagog, kateket,

### Kommentarer
I Ålvik vert dette arrangert for tre årskull tredje kvart år. Samlinga er bygt opp omkring forteljinga om Sauen som vart funnen att. Først samling inne i kyrkjerommet, som er bygd opp om ein enkel «liturgi» som søndagsskulen i Norheimsund kyrkje nyttar, og som barna også vil møta igjen på samlingane når dei er 4 og 6 år. Me syng «Bæ bæ lille lam» og andre songar om dyr. Bibelforteljinga blir formidla gjennom enkel dramatisering. Midt i samlinga får barna gå ut og møta eit ekte lam (det er difor me legg samlingane til mai månad, når lamma er små og ikkje på fjellet). Medan barna er ute og ser på lammet blir det gøymt kosesauer inne i kyrka. Når barna kjem inn igjen får dei leita etter sitt eige koselam som dei får ta med seg heim. Samlinga inne i kyrkja blir avslutta med bønn (Kjære Gud, ta handa mi) og velsigninga (med såpebobler, som på babysong). Til slutt er det risengrynsgraut til kveldsmat, me syner foreldre og barn korleis dei kan laga ein sau av graut i tallerkenen.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring
Eg kan koma i kyrkja. Her er eg velkomen. Her høyrer eg til.
Kven har skapt meg og alt anna som fins?
Korleis er det å koma bort frå der ein høyrer til?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon
Bibelforteljinga om sauen som vart funnen igjen Luk 15
Bøn: Kjære Gud ta handa mi
Velsigninga 4. Mos 6, 24-26

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis
Lystenning
Høyre på bibelforteljing
Synge
Ete saman

Synge bordverds

Be

Ta imot velsigninga

### Arbeidsmåter

Sjå under "Kommentar"

I tillegg til dei ansvarlege over vil me involvera:  organist, frivillige bønder, sokneråd, andre frivllige, kyrkjetenar

## 4-års bok / barnebibel Ålvik

### Aldersgruppe

4

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna har det kjekt i kyrkja
• Barna blir betre kjende i kyrkja, både med bygningane og menneska som verkar der
• Barna kan to kristne songar
• Barna kjenner alle tre bibelforteljingane
• Barna veit litt meir om kven Jesus er
• Barna opplever det fint å gå på bønnevandring
• Foreldra les biletbibelen for barna heime
• Barna «les» sjølve biletbibelen ved å sjå på illustrasjonane
• Barna opplever biletbibelen som aktuell og verdifull også når dei blir eldre

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 2
Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog/ kateket / prest

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Barna blir inviterte til to samlingar. Samling med skattejakt ein ettermiddag i veka før gudstenesta, og så gudsteneste på søndagen. Under gudstenesta får barna utdelt den nydelege (og påkosta!) biletbibelen «Min biletbibel», illustrert av kunstnaren Marijke ten Cate.
Det er rullering på kva for ei av dei tre aktuelle bibelforteljingane som blir brukt under gudstenesta og kva som blir formidla på skattejaktsamlinga. Skattejakta er uansett knytt til forteljinga om Sakkeus, og dersom denne skal nyttast under gudstenesta, fungerer skattejakta som ein slags «teaser» til gudstenesta.
Skattejaktsamlinga er bygd opp slik: Det blir servert bollar, saft og kaffi i våpenhuset når barna kjem. Samlinga inne i kyrkjerommet er bygd opp omkring same «liturgi» som ved 3- og 6-årssamlingane. Det er lysttenning, song og formidling av bibelforteljing. Skattejakta fører barna rundt i kyrkja, og me stoppar opp og snakkar om dei ulike stadene / tinga (døypefont, orgel, altertavle, bibel osv). Skatten er sjokoladegullpeng og ring til alle. Mot slutten går barna ei enkel bønnevandring saman med foreldra. Samlinga blir avslutta med bøna «Kjære Gud ta handa mi» og velsigninga med såpebobler. Etter samlinga i kyrkjerommet er det enkle formingsaktivitetar og barna får laga seg ein engel i papir som har bøna «Kjære Gud, ta handa mi» påskriven.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Kven er Jesus? Kven er Gud?
• Eg kan undra meg i kyrkja.
• Det er fint å vera saman med andre i kyrkja
• Jesus elskar alle, absolutt alle

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Bibelforteljingane:

Sakkeus Luk 19

Brødunderet Matt 14 / Mark 6

Jesus og barna Mark 10, 13-16

Songar: Sjå salmekanon

Bøn: Kjære Gud, ta handa mi

Velsigninga

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Synge

Be

Høyre på bibelforteljing

Tenne lys

Gå på bønnevandring

Snakke om dåpen

### Arbeidsmåter

Sjå kommentarfeltet.

I tillegg til Kyrkjelydspedagog, kateket og  prest, treng me organist, kyrkjetenar, sokneråd, andre frivillige

## Soveposekonsert — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe
5

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?
• Barn og foreldre har ei god oppleving saman i kyrkja
• Barna føler seg frie vera seg sjølve i kyrkja.
• Foreldra blir inspirerte til å syngja og be kveldsbøn med barna

### Omfang
Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 2

### Ansvarleg
Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer
Kort om tiltaket:
Felles tiltak for alle sokna i kommunen, gjerne med innleigde musikarar. Vil bli arrangert i enten Norheimsund eller Øystese kyrkje pga reiseveg for utkantane. Barna blir inviterte til ein profesjonell konsert om kvelden i kyrkja, og dei blir oppmoda til å ta med seg sovepose, pute eller bamse. Det blir servert bollar og sjokolademjølk som dei kan kosa seg med under konserten. Lystenning mot slutten. Vart arrangert for første gong i Øystese kyrkje februar 2015 med overveldande godt oppmøte.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring
Eg kan vera saman med Gud på mange ulike måtar
Eg kan vera i kyrkja på mange ulike måtar
Det er trygt og fint å vera i kyrkja
Det er godt å bli sungen for om kvelden.

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon
Kristne kveldsbøner og godnattsongar (sjå salmekanon)
Velsigninga 4. Mos 6, 24-26

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis
Synge
Lytte til musikk
Vere stille for Gud
Tenne lys
Arbeidsmåtar

### Arbeidsmåter
Sjå kommentarfelt.
I tillegg til kyrkjelydspedagog er desse med: kyrkjetenar, frivillige.

## 6- årsbok Ålvik

### Aldersgruppe

6

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna har det kjekt i kyrkja og opplever godt felleskap
• Barna kan songen «ikkje gløym»
• Barna kan kyrie og gloria og veit kva desse betyr
• Barna kjenner alle tre bibelforteljingane
• Barna veit at Gud lengtar etter og ventar på dei som går vekk frå han.

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 2
Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

kyrkjelydspedagog, kateket og sokneprest.

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
I Vikøy og Øystese sokn blir dei som begynner på skulen blir inviterte til den første gudstenesta etter skulestart og ei samling i kyrkja i veka før. I Ålvik og Strandebarm slår me gudstenestene med utdeling av bøker til 4-åringane og 6-åringane saman, men me har to ulike før-samlingar. På gudstenesta får dei utdelt boka «Den usynlege venen». Før-samlinga i kyrkjerommet er bygd opp kring same «liturgi» som ved 3- og 4års-samlingane. I tillegg blir det lagt ekstra vekt på å læra barna «kyrie» og «gloria», og dette blir knytt til forteljinga om Bartimeus. Enkel bønnevandring saman med foreldra, slik som på 4års-samlinga. Pølser i brød til kveldsmat, leik og formingsaktivitet til slutt. Forteljingane om Bartimeus, brødunderet og den bortkomne sonen vekslar på å vera andakt på gudstenesta, og dei forteljingane som ikkje blir brukte på gudstenesta, blir formidla på før-samlinga. Dei barna som ynskjer det, står framme og syner bevegelsane til songen «Ikkje gløym» på gudstenesta (den har dei lært på før-samlinga).

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• No skjer det noko i viktig i livet mitt. Gud er med i dette.
• Det er fint å koma i kyrkja når det skjer noko viktig i livet.
• Er Gud glad i meg?
• Kan Jesus hjelpa meg om det er noko vanskeleg?
• Kan Gud bruka barn til noko viktig?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Bibelforteljingar:
Bartimeus Mark 10, 46-52
Den bortkomne sonen Luk 15
Jesus går på vatnet Matt 14
Songar: Sjå salmekanon

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

• Synge
• Tenne lys
• Be
• Høyre bibelforteljing
• Delta på kyrie og gloria
• Ta imot velsigning
• Delta på bønnevandring
• Synge bordbøn

### Arbeidsmåter

Sjå feltet med kommentar.
I tillegg til dei ansvarlege for tiltaket treng me: organist, kyrkjetenar, sokneråd, andre frivillige

**Vedlegg:**

- 6 ÅR LIM INN I BOK.pdf (/Files?fileID=722a06ce-1dfc-4e9f-94dc-914ec72a996c)
- forming 6-åringar førsamling.pdf (/Files?fileID=fb0cda59-2a79-41a7-bdf9-666065174ba9)

## Leikefestival Ålvik

### Aldersgruppe

7-9

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna har det kjekt
• Barna lærer minst ein ny leik som dei ikkje kunne frå før
• Barna leikar meir saman i tida etter tiltaket
• Barn og foreldre leikar meir saman i tida etter tiltaket
• Barna opplever at dei eldre har noko verdifullt og kjekt å gje dei
• Barna kjenner bibelforteljingane
• Barna undrar seg over skaparverket
• Barna kjenner nokre av prinsippa i Guds rike
• Barna veit at Gud er kjærleikens skapande kraft
• Dei eldre som deltek på tiltaket opplever det kjekt og meiningsfullt

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 3

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Målet å samla barn, vaksne og eldre i og utanfor kyrkja til leik og moro, samt læra om/undra oss over skaparverket. Ved å henta fram gamle barneleikar som mange barn i dag ikkje kjenner, knyter me band mellom generasjonane. Leikane blir som ulike «postar» leia av eldre, der barna kan gå og leika/læra det dei har mest lyst til. Dette skal skje på den tida Hardanger er på sitt vakraste og alle har lyst til å vera ute og leika, ei ypperleg ramme til å snakka om skaparverket og Guds rike! Det blir ei samling inne i kyrkja med fokus på skapinga og skaparverket - vår gåve og vårt ansvar, samt likninga om Guds rike. Til slutt et me saman lokal tradisjonsmat som potetkaker, mjølkekaker m.m som konfirmantar har vore med å laga saman med andre frivillige/eldre.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Korleis er Guds rike? Og passar eg inn der?
• Leik og glede er smakebitar av Guds rike
• Korleis kan eg ta vare på skaparverket?
• Korleis kan Guds rike veksa fram her og no?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Bibelforteljingar:
Skapinga 1. Mos 1
Likningane om Guds rike: sennepsfrøet Matt 13

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

• Synge

- Ete saman
- Høyre bibelforteljing

### Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagog treng me kateket, sokneråd, frivillige

## Tårnagent-helg Ålvik

### Aldersgruppe

7-9

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna blir betre kjende i kyrkjebygget og får eit sterkare forhold til kyrkja si.
• Barna har det kjekt og opplever godt fellesskap
• Barna oppelver at kyrkja er ein stad for spennande mysterium – ikkje berre ferdige svar
• Barna kjenner til mysteriet nattverden
• Barna veit at det finst skattar i kyrkja – både av jordisk verdi og av åndeleg verdi
• Barna opplever at det er tid og rom for deira innspel og spørsmål
• Barna har ei kjensle av at det finst skjulte skattar i trua, Bibelen og i dei sjølve som dei kan oppdaga saman med Gud og i fellesskap.
• Barna kjenner alle fire bibelforteljingane
• Barna veit litt om situasjonen til forfølgde kristne
• Barna kjenner kyrkjekunsten i kyrkja si
• Barna veit litt meir om Bibelen
• Barna kan songen «Vær meg nær o Gud» og veit at det kan vera ein fin song å syngja dersom ein er redd.
• Barna veit korleis ein kan be
• Barna opplever at dei kan gjera ei oppgåve i gudstenesta

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 2
Totalt antall timer: 8

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog / kateket

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Blir arrangert tredje kvart år i Ålvik for å få nok born. Vart arrangert 22. mars.2014. For å koma i rute med eit tiltak i året til aldersgruppa inviterer me 7 og 8 åringane i 2016. Opplegg laurdag ettermiddag/kveld, med skattejakt i kyrkja, leikar, bibelforteljing og kveldsmat. Barna blir mellom anna kjende med kyrkjekunsten og kyrkjeskattane i kyrkja si. Etter kvart som dei finn skattane, snakkar me om dei ulike tinga, som til dømes nattverd når dei finn nattverdskalken. Me avsluttar med ein tur opp i tårnet på kyrkja (evt det hemmelege loftet i Norheimsund kyrkje). Oppe i tårnet snakkar me om forfølgde kristne og syng nokre songar. Tårnagentane er med og har enkle oppgåver i gudstenesta den påfølgjande søndagen, og dei får utdelt boka «Skatten i Liljedal». Bønnevandring med nattverd under gudstenesta.

### Tema/innhald: Livstolkning og livsmeistring

• Å kjenna at eg høyrer til i kyrkja og hjå Gud
• Erfara fellesskap og at eg kan bety noko for andre
• Erfara at eg kan koma til Gud som eg er, med alle mine spørsmål
• Korleis er det å ikkje ha lov til å tru på Gud?
• Kva kan eg gjera dersom eg er redd?
• Finst det skattar i kyrkja som eg ikkje veit om?

• Finst det skattar i trua som eg ikkje veit om?
• Finst det skattar i meg som eg ikkje veit om?

## Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Bibelforteljingar:

Nattverden Matt 26, 26-29

Lasarus Joh 11

Salme 139

Paulus i Damaskus Apg 9

## Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Be for og støtta forfølgde kristne

Synge

Be og lytte til Gud

Høyre på bibelforteljing

Tenne lys

Utføre dåpspåminning med vatn frå døypefonten

Feire nattverd

Vere medliturg i gudstenesta

Gå i prosisjon

## Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagog/ kateket involverer tiltaket prest, sokneråd, foreldre, andre frivillige.

**Vedlegg:**

- invit tårn Ålvik 14.docx (/Files?fileID=44ac27b9-ab2d-417d-ab03-bd85ee249a4e)
- skatt Alterbibelen.docx (/Files?fileID=82fa1a93-cfd7-4e17-9ea0-bd288582f18b)
- Tårnagentgudsteneste Ålvik 23 mars.docx (/Files?fileID=32627b7d-5ed4-4353-bbe0-ece5438efa60)

## Kyrkjekino, Narnia Ålvik

### Aldersgruppe

10-12

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna har det kjekt saman i kyrkja
• Barna kjenner omgrepa freisting, synd og syndefall.
• Barna kjenner til Jesu frelsesverk, og kjenner historia om hans død og oppstode
• Barna veit at dei har status som «kongebarn» og at den einskilde har unike gåver og oppgåver for Den store kongen.
• Barna opplever at dei har tid og anledning til å stilla spørsmål og koma med innspel
• Barna opplever at dei blir sett og verdsett som den dei er
• Barna kjenner til syndsvedkjenninga og truvedkjenninga

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Borna vert inviterte til kyrkjekino der me syner filmen «Narnia – Løven, heksa og klesskapet». Filmen er lang, så det blir ein pause med eit måltid midt inni filmen og også litt godteri og popcorn. Etter filmen får barna gå på ei Narnia-vandring rundt om i kyrkja med ulike aktivitetar og forteljing. Målet med vandringa er at barna skal få innblikk i Jesu frelsesverk og andre parallellar narniaforteljinga har til det kristne livet. Postane er lagt opp med bilde frå scenar i filmen sette saman med bilde frå Jesu liv / bibelen. Fordi hovudfokus ligg på Jesu frelsesverk, legg me tiltaket til tida like før påske.
Omfang:

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Kva betyr det Jesus gjorde for meg?
Kva er frelse og kva er tilgjeving?
Eg – eit «kongebarn»
Har eg nokon unike gåver? Korleis kan eg bruka og utvikla dei?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Frå Bibelen:
Jesu liding, død og oppstode Matt 26-28
Om nådegåvene 1. Kor 12

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

• Leggja stein som symboliserer byrde på / ved krossen
• Tenne bønnelys
• Synge bønnesang

- be
- Synge
- bordvers

### Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagog er desse involvert i tiltaket: kateket, prest, sokneråd, kyrkjetenar, andre frivillige.

## Snart konfirmant

Ålvik

### Aldersgruppe

14

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

- Skapa forventning til konfirmantåret
- Ungdomar og foreldre/ føresette veit kva dei kan venta av konfirmantåret
- Møta ei open og raus kyrkje med tydeleg profil i høve tru og etterfølgjing

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 1

Totalt antall timer: 2

### Ansvarleg

Kateket og prest

### Kommentarer

Kort om tiltaket:

Informasjonsmøte for 14 åringane og foreldra deira. Me vil skapa tryggleik, motivasjon og forventning til konfrimantåret hos konfirmantar og foreldre/ føresette.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Kva er det å vera konfirmant?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Konfirmasjon, tyding og innhald.

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Lysandakt med veksellesing, fadervår, song, lystenning ,andakt og velsigning

### Arbeidsmåter

Møter i dei ulike kyrkjene. Kaffi/ saft og kjeks/ kaker til velkomst for å løysa på stemninga. Konfirmantar og foreldre blir kjende med prest/ konfirmantlærarar. Informasjon om undervisning, og grupper samt helsa på leiarar i kor og Krik Kvam. Byggja opp realistiske forventningar til konfirmasjonstida, innhald og tidsbruk. Presisera kva forventningar dei kan ha til oss og me kan ha til foreldre og konfirmantar. Bruka powepoint der det er høveleg og kopiert opp skriv om grupper og datoar for samlingane. Dei får opplæring i påmelding på heimesida, og å finna fram til viktige ting der, som konfirmantavtalen.

Me vil og oftast invitera med andre leiarar konfirmantane vil møta i konfirmasjonstida, og leiarar for ungdomstiltak som kan fortelja om desse. Td. ungdomskor, Krik og Origo ungdomsklubb

## Konfirmasjonsførebuing Ålvik

### Aldersgruppe

15

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Konfirmantane skal:
• Bli kjende med innhaldet og sentrale tema i den kristne trua, og få høve til å koma med sine tankar om tru og tvil.
• Finna fram i Bibelen og læra viktige bibelstader: Fadervår, truvedkjenninga, boda, det doble kjærleiksbodet og misjonsbefalinga.
• Læra å kjenna innhaldet i- og forma på gudstenesta, sakramenta og nokre sentrale salmar.
• Kjenna seg velkomne og finna seg til rette i kyrkjelydsfellesskapen/ den kristne felleskapen.
• Få tru for (og kanskje erfara), at dei er elska av Gud, at Jesus lever, og at Den Heilage Ande er verksam i liva våre.

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 20
Totalt antall timer: 60

### Ansvarleg

Kateket og prestar

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Undervisninga skjer i størst mogleg grad i/ ved dei lokale kyrkjene. Me prøver å få ein gruppestorleik på om lag 15 konfirmantar. Det er òg tilbod om å vera Krik konfirmant eller kor konfirmant. Dei har eige opplegg knytt til sin aktivitet, men deltek i seminardagar og gudstenester knytt opp mot konfirmanttida. Dei om lag 60 timane med undervisning er fordelte på: 8 gudstenester, to seminardagar, 11 undervisningssamlingar à 1,5 time, KN sin innsamlingsaksjon, leir/ alternativ til leir.
Me legg vinn på å gjera konfirmantundervisninga variert og interessant, og som noko annleis enn undervisninga i skulen. Lite skriving, og mykje handling, bibelforteljing og samtale. Me brukar Konfirmantbibelen til undervisningsbok og Con Dios som ressurs.
Kommentar: Konfirmantane får Konfirmantbibelen i gåve frå sokneråda ved pressentasjonsgudstenesta. Dei betaler kr 500,- til mat/ frukt og premiar på seminar og samlingar Evt. overskot går til å sponsa bussreiser til leirar og alternativ til leir helga.
Omfang:

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Me trur at Jesus vil koma kvar einskild menneske i møte og at dette er den viktigaste erfaringa som fører til tru og eit liv som Jesu etterfølgjar. Difor vil me leggja til rette for gode opplevingar og heilage møte. Andaktar, samtalar, stille tid og bøn, bibelforteljingar, personlege vitnesbyrd frå kristne og leir er viktige verkemiddel.
Me vil vera jordbundne på den måten at me tek livet på alvor. Røyndom meir enn «image». Korleis har eg det, korleis har du det, korleis står det eigentleg til på jorda…. Det handlar om å ta vare på kvarandre og på skaparverket, vera Jesus sine hender og føter. Ved å delta i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, får konfirmantane høve til å vera med å utgjera ein forskjell, samt læra meir om og reflektera rundt fattigdom og urettferd i verda.

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

• B i b e l
• B ø n
• Truvedkjenninga, fadervår, misjonsbefalinga, den vesle bibelen, dei ti boda
• Sentrale salmar

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

• Bøn og veksellesing. Frie bøner og formulerte bøner.
• Bibellesing
• Gudstenestefeiring
• Salmar, kristne songar/ lovsong
• Nestekjærleik, Kirkens nødhjelps innsamlingaksjon.

### Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet. Andre involverte enn kateket og prestar er: sokneråd og kyrkjetenar

**Vedlegg:**

- Konfirmantplan Kvam 2013 og frametter3.doc (/Files?fileID=f4958c77-a139-4f4d-9f5c-3cc78e095a1a)

# Øvrige tiltak

## Krybbevandring — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

3-5

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

At borna og dei barnehagetilsette skal få juleevangeliet inn under huda. Borna som går i barnehagen får vera med på tiltaket 3 gonger, så dei får oppleva gjenkjenning og tradisjon. Glede ved å gjennkjenna songar, forteljinga og å få delta aktivt.

### Ansvarleg

Kateket

## Påskevandring — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

3-5

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

At borna skal læra om den kristne påska, og at denne er grunnlaget for at me har kyrkjer.
Dei får vandra seg gjennom dagane frå palmesøndag til påskedag, og læra ved leik og forteljing. Dei lærer påskesongar, og får auka tilknytning til si lokale kyrkje.

### Ansvarleg

Kateket

**Vedlegg:**

- e-post påske barnehage 14.doc (/Files?fileID=34f49f64-fabc-42d5-b4a8-f6d669aa66f7)
- epost til barnehagane.docx (/Files?fileID=93d55ee4-300b-46a7-8ab2-a556461e33bf)
- Fotvaskevise.m4a (/Files?fileID=ba97d725-c389-4279-b0c1-ceeb715700a3)
- Jesus har stått opp.m4a (/Files?fileID=4451fd96-fc4c-4483-bf5d-02f338044a7f)
- På veien til Jerusalem.m4a (/Files?fileID=5ea2b1db-aceb-4ffb-8305-37227345e7b3)
- Påskesongar til barnehagane.doc (/Files?fileID=dc60f677-3a2a-41dd-ab2e-e05ee71bb465)
- Storm og uvær.m4a (/Files?fileID=903b17c3-d799-4374-be2d-07c5f69da517)
- til organisten oversikt over songar og opplegg.doc (/Files?fileID=683a0106-870a-4768-bd93-a5bc96cc38a7)

## Vandring gjennom Bibelen for born Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

10

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

At borna lærer om Bibelen sin oppbygnad og om forteljingane der. Det er to timar undervisning frå GT og to timar ei veke eller lengre tid etter med NT. Me brukar opplegget frå BIbelselskapet.
Rapportskjema, informasjon og kontaktinformasjon ligg under vedlegg.

### Ansvarleg

Kateket

**Vedlegg:**

- VANDRING GJENNOM BIBELEN FOR BORN litt informasjon.docx (/Files?fileID=e04d5c40-57bb-4ce0-b890-951942c1ac0d)

## Krik Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

13-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Krik Kvam vil prøva å skapa eit kristent fellesskap der me samlast om idretten og Guds ord. Krik Kvam ynskjer å inspirera, vinna og ivareta idrettsfolk til eit liv med Jesus Kristus. Krik Kvam vil skapa trivsel og idrettsglede blant medlemmane og er ikkje opptekne av konkurransementalitet

### Ansvarleg

Indremisjonssamskipnaden v/Vidar Sangolt, ungdomsarbeidar. Kyrkja i Kvam betaler 10% av løna

## Norheimsund og Øystese ungdomskor Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

13-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

NØUK har som føremål å bevare og fornye kristen song og musikk og arbeider for at ungdom får utfalde seg musikalsk.

### Ansvarleg

Norheimsund og Øystese indremisjon v/ Vidar Sangolt ungdomsarbeidar (10% løn frå Kyrkja i Kvam)

## Origo ungdomsklubb — Ålvik, Vikøy, Øystese

### Aldersgruppe

13-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Origo Ungdomsklubb vil ha eit dynamisk og inkluderande fellesskap med Jesus i sentrum, der ungdom startar nye liv til engasjerte, smittande etterfølgjarar av Han.

### Ansvarleg

Indremisjonssamskipnaden v/ ungdomsarbeidar Vidar Sangolt (10% løn frå kyrkja)

## Passive tiltak (gjennomførast ikkje i år)

## Karneval/ fastelavnsfest — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe
5

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?
• Barna og foreldra har det kjekt og opplever godt fellesskap
• Barna veit kvar karnevalsskikken kjem frå
• Barna veit kva faste er
• Barna veit at me ventar på påsken
• Barna kjenner bibelforteljinga
• Barna opplever seg frie til å vera seg sjølve i kyrkja

### Omfang
Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 3

### Ansvarleg
Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer
Kort om tiltaket:
Planlagt oppstart rundt fastelavn 2017. Karneval i kyrkja for dei to eldste årskulla i barnehagen, fleire av barnehagane i kommunen har ikkje tradisjon for å arrangera karneval. Samling i kyrkja bygd opp rundt same «liturgi» som 3-, 4, og 6års-samlingane. Vekslar på å formidla bibelforteljingane «Den store festen» og «Arbeidarane i vingarden», og fokuserer på Guds kjærleik og invitasjon til oss. Me snakkar og om kva fastelavn og faste er. Mykje fokus på leik og pinjata fylt med godteri. Fastelavnsbollar, kaffi og saft til slutt.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring
• I kyrkja kan eg finna meining i ulike høgtider
• Gud er glad i meg. Kva betyr det for meg?
• Kyrkja har ein årssyklus som det er fint å følgja
• Kven er Jesus og kva vil han meg?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon
Bibelforteljingar:
Den store festen Matt 22
Arbeidarane i vingarden Matt 20
Songar (sjå salmekanon)

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis
Lystenning
Synge
Be
Ete saman

### Arbeidsmåter
Sjå i kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagogen vil desse vera involverte: kateket, prest, kyrkjetenar,

| |
|---|
| sokneråd, andre frivillige |

## Messy church Ålvik

### Aldersgruppe

6-12

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Samlast til positivt tiltak i kyrkja

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 2

Totalt antall timer: 6

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog og prest

### Kommentarer

Ein viktig og uvanleg ressurs som Ålvik har, er eit spennande og internasjonalt kunstmiljø. Dette har samanheng med at kunstnarar har blitt «lokka» til Ålvik gjennom ein eigen kampanje frå kommunen si side, og dei har også eit eige kunsthus, Messen, der kunstnarar frå heile verda kjem på gjesteopphald. Me har ein jobb å gjera i forhold til å finna ut korleis kyrkja kan knyta band til kunstmiljøet og samarbeida med dei.
Ålvik er ei bygd der me tenkjer at det skal bli spennande å utvikla heilt nye typar tiltak. Det opne folkesinnet, felleskapskulturen og kunstmiljøet, gjer truleg bygda til eit svært eigna «drivhus» for å utvikla nye måtar å vera kyrkje på og å driva trusopplæring. Målet er at i løpet av hausten 2015 skal me som arbeider med trusopplæring tilbringa ekstra mykje tid i bygda og gjera ein innsats for å bli kjende med kunstmiljøet spesielt, og så sjå kva som kan vera mogeleg å få til, på innbyggjarane sine eigne premiss.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Kjem etterkvart

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Kjem

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Kjem

### Arbeidsmåter

Prøva å få til eit samarbeid med kunstnarar i Ålvik

## Legokklubb Ålvik

### Aldersgruppe
7-9

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?
• Barna har det kjekt og opplever at dei blir sett og møtt i kyrkja
• Barna kjenner alle tre bibelforteljingane
• Barna kan songane «Bygge Guds rike» og «ikkje gløym»
• Barna opplever at dei kan laga noko som eit «svar» på det dei har fått høyra i kyrkja, og dette kan bety noko for andre.
• Barn og foreldre har ei fin samspelsstund med å byggja lego saman i kyrkja.

### Omfang
Antall samlinger / samvær: 4
Totalt antall timer: 8

### Ansvarleg
Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer
Kort om tiltaket:
I Ålvik vil me rullera mellom Legoklubb, Tårnagent og Leikefestival for 7- 9 åringane. Lego-klubben er på ein vekedag, like etter skuletid, (i sfo-tida for dei som går på sfo).
Fire samlingar til saman, den siste på eit anna tidspunkt slik at foreldra og kan koma og sjå kva barna har laga og kva dei har vore med på. Me hadde tiltaket våren 2015 og då enda det opp i ein "Legolavnsfest" på fastelavenssøndag.Til dei tre første samlingane blir barna henta utanfor skulen og følgde til kyrkja. Der får dei ei enkel matbit før det er samling med litt song og bibelforteljing. Etterpå skal barna byggja lego etter inspirasjon frå bibelforteljinga dei nettopp har høyrt. Dei barna som går på sfo blir følgde tilbake dit etter samlinga. På den siste samlinga blir det også formidla ei bibelforteljing og foreldre og barn får i oppdrag å saman byggja noko i lego etterpå. På den siste samlinga, der foreldra er med, blir det og vist bilde av alle byggverka. Dei barna som ynskjer det, blir med og syng songen «Bygge Guds rike» for foreldra.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring
• Kva betyr eigentleg dei gamle bibelforteljingane om Noas ark og Tårnet i Babel?
• Kva vil det seie for meg at eg snakkar eit språk som ikkje alle forstår?
• Korleis er det å vera lam?
• Korleis var/er Jesus?
• Kan noko eg lagar bety noko for Gud?
• Kan noko eg lagar bety noko for andre?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon
Bibelforteljingar:
Noahs ark 1. Mos 9
Tårnet i Babel 1. Mos 11
Jesus og den lame mannen Mark 2
Paulus og Silas i fengsel Apg 16

Jesus stiller stormen Matt 8
Jesu oppstode Matt 28
Tempelet er eit bønehus Matt 21
Forteljinga om Josef 1. Mos 37-43
Songar:
Bygge Guds rike
Ikkje gløym

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Synge
Be
Dele med andre det ein har lært
Måltidsfellesskap
Synge bordvers
Høyre bibelforteljing

### Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet. Det trengs evt. frivillige i tillegg til kyrkjelydspedagog. Evt. og kateket.
Neste gong i Ålvik vert i 2018.

## Halloweenfest Ålvik

### Aldersgruppe

10-12

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna føler det trygt å spørja om det dei lurer på om døden
• Barna har det moro
• Barna veit meir om kva Bibelen seier om døden og oppstoda.
• Barna syns det er fint å tenka på himmelen.
• Barna veit at dei kan koma til kyrkja og det kristne fellesskapet når dei opplever noko trist.

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Planlagt oppstart i Øystese 31. oktober 2015, i dei andre sokna i 2016. I Ålvik kvart 3. år, i Strandebarm annakvart år. 12åringane blir inviterte til Halloweenfest i kyrkja på Halloween-kvelden 31. oktober. Tiltaket blir lagt opp som ein typisk fest, med god mat, godteri (alle tek med til ein felles buffet), leikar og underhaldning. Mot slutten blir det ein rolegare bolk der me snakkar om kva Halloween / Helgemessesundag eigentleg er, om døden og om kva me kristne trur skjer med oss når me dør. Avslutning med song og lystenning.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

Kva skjer når vi døyr?
Korleis er det i himmelen?
Å kjenna på sorg og sakn og håp samstundes.
Eg forstår ikkje oppstandelsen, kan eg tru på den likevel?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Bibelforteljing:
Ein ny himmel og ei ny jord - Johannes openberring

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Synge
Ete saman
Tenne lys
Be
Høyre på andakt
Undre seg saman med andre
Samtale saman om døden og himmelen

### Arbeidsmåter

Sjå kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagog involverer tiltaket: kateket, sokneråd, andre frivillige.

## Lys Vaken

Ålvik

### Aldersgruppe

10-12

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Barna har ei annleis og fin oppleving i kyrkja
• Barna har det kjekt og kjenner på godt fellesskap
• Barna er betre kjende i kyrkja dei høyrer til
• Barna opplever at dei høyrer til i kyrkja
• Barna veit at og korleis dei kan snakka med Gud
• Barna veit at Gud er Lys Vaken for dei
• Barna vert medvitne om korleis dei kan vera lys vakne for kvarandre og verda
• Barna veit kva som skjer ved dåp og nattverd
• Barna kjenner alle dei fire ulike bibelforteljingane
• Barna lærer ein ny song
• Barna veit meir om misjon

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 2
Totalt antall timer: 12

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Vil bli arrangert tredjekvart år i Ålvik (med tre årskull). Sist me hadde i Ålvik var 29. nov 2014, så då skal me ha i 2017 att!
Motto: Ei annleis oppleving i kyrkja! Fokus på at Gud er lys vaken for oss, og me kan vera lys vakne for kvarandre og verda. Tiltaket varer frå laurdag ettermiddag til etter kyrkjekaffi på søndagen. Barna får oppleva å overnatta i kyrkja, eta fleire måltid og vera med å førebu og delta på gudstenesta på søndagen. Det er også leikar, tid til frileik, bibelforteljingar, lystenning / bønn, samtale, songar og formingsaktivitet. Når barna ligg klare til å sova i soveposane sine i kyrkjerommet, får dei høyra forteljinga om Samuel. På gudstenesta vekslar me på å bruka tre ulike bibelforteljingar i andakten, dei andre to blir formidla ila laurdagen.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Kva vil det seie at Gud er lys vaken overfor meg?
• Eg kan bidra i ei gudsteneste
• Eg kan gjera noko godt for nokon andre
• Kva er nattverd og kva betyr det for meg?
• Kan eg snakka med Gud? Korleis kan eg høyra det om han vil sei meg noko?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Bibelforteljingar:
Jesus 12 år i tempelet Luk 2
Samuel 1. Sam 3

Jesus hjå Marta og Maria Luk 10
Den miskunnsame samaritanen Luk 10
Salmar og songar: Sjå salmekanon
Nattverd
Dåp

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Synge
Be og lytte til Gud
Høyre på bibelforteljing
Tenne lys
Utføre dåpspåminning med vatn frå døypefonten
Feire nattverd
Vere medliturg i gudstenesta
Gå i prosisjon

### Arbeidsmåter

Sjå i kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagog/ kateket treng me: prest, kyrkjetenar, organist, sokneråd, frivillige, foreldre og studentar frå Framnes der me klarer å få dei med.

**Vedlegg:**

- Invitasjon til LysV str 13.doc (/Files?fileID=c790a6d1-f56c-4aa7-9bda-06e85d15fa7d)

## Splæsj, overgang barne- ungdomsskule Ålvik, Vikøy, Øystese

### Aldersgruppe

13

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• 13-åringane veit kva som finst av tilbod i kristen regi
• 13-åringane har ei kjekk stund ute saman med jamnaldrande og eldre ungdommar
• 13-åringane lærer om Den heilage Ande
• 13-åringane kjenner forteljinga om Jesu himmelfart og pinse.

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 3

### Ansvarleg

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
Oppstart juni 2018. Felles for Ålvik, Øystese og Vikøy sokn. Her blir tilltaket arrangert i samarbeid med Norheimsund- og Øystese ungdomskor, Krik Kvam og ungdomsklubben Origo. Eige opplegg for Strandebarm. Dei som bur i Tørvikbygd tilhøyrer Vikøy sokn, men går på ungdomsskule i Strandebarm. Desse blir inviterte til begge samlingane og kan sjølve velja kvar dei vil gå. Dersom været tillet det, blir samlinga ved sjøen, og dei som ynskjer det får prøva vasski / wakeboard. Ungdomsorganisasjonane presenterer tilbodet sitt og står for leikar. Grilling. Andakt om Jesu himmelfart og pinse.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Det finst eit fellesskap av kristne – kan og vil eg vera ein del av dette?
• Kven er Den heilage ande og kva har han med meg å gjera?
• Korleis er det å vera ein del av eit kristent fellesskap?
• Å kjenna seg velkommen i ein ny samanheng.

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Bibelforteljing:
Kristi himmelfart og pinse Matt 28 og Apg 1-2

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

• Måltidsfellesskap
• Song
• Bøn
• Høyre på andakt

### Arbeidsmåter

Sjå kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagog treng me: ungdomsarbeidar på bedehuset, dei ulike ungdomsorganisasjonane

## Rejoice Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

13-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 3

Totalt antall timer: 16

### Ansvarleg

Norheisund og Øystese indremisjon v/ Vidar Sangolt ungdomsarbeidar

### Kommentarer

Dette er eit tiltak som har vore gjennomført ei langhelg om hausten i mange år. For at det skal bli eit trusopplæringstiltak må me ha plan for innhald av bibeltimane (kva tekstar som vert gjennomgått). Resten av det allereide eksisterande tiltaket skal ligga godt tilrette for å gli rett inn i trusopplæringstankegangen, i og med at det vert annonsert i alle bygdene og det er påmelding/ registrering.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

### Arbeidsmåter

## Ungdomsgudsteneste — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

13-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 2

Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

Prest og ungdomsarbeidar frå Norheimsund og Øystese indremisjon

### Kommentarer

Dette er eit tiltak som me har hatt 1-2 gonger i året. Me vil forsøka å gje det fastare struktur og planmessig innhald når det gjeld bibeltekstar. Då kan det inngå som eit trusopplæringstiltak.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

### Arbeidsmåter

## Konf. reunion — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe
16

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?
• Ungdommane blir minna om det gode dei fekk i konfirmanttida.
• Ungdommane kjenner nokre element frå Bergpreika.
• Ungdommane får lyst til å vera meir med i kyrkja.
• Ungdommane veit om tilbodet «Fokus» / «Snø og spilloppar» som snart vil starta

### Omfang
Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 5

### Ansvarleg
Kateket, kyrkjelydspedagog, prest

### Kommentarer
Kort om tiltaket:
Planlagt oppstart januar 2018. Ei festsamling for fjorårskonfirmantane ca 8 månader ettter at dei vart konfirmerte. der (nokre av) dei sjølve står for underhaldninga og matlaginga, saman med frivillige frå soknerådet. Dei har fine klede, og det blir ein rolegare bolk inne i kyrkja der det blir andakt og enkel bønnevandring.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring
• Eg høyrer til i kyrkja framleis
• Jesus snur alle prinsipp på hovudet – kva har det å seie for meg?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon
Bibeltekst: Bergpreika Matt 5-7

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis
• Synge
• Vere med på bønnevandring
• Høyre andakt
• Eta eit måltid saman

### Arbeidsmåter
Sjå kommentarfeltet.
I tillegg til kateket og prest vil me involvera nokre av desse: Dei som kjende dei som konfirmantar, soknerådet og evt andre frivillige

## Fokus — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe
16-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?
Ungdommane har det kjekt og opplever godt fellesskap!
• Ungdommane opplever at dei kan utfalda og utvikla seg kreativt i det kristne fellesskapet
• Ungdommane produserer noko som kjem andre i kyrkjelyden til gode
• Ungdommane veit meir om kva det vil seie å vera Jesu venn.
• Ungdommane har lyst til å delta jamleg i det kristne fellesskapet også etter at Fokus er over.

### Omfang
Antall samlinger / samvær: 4
Totalt antall timer: 12

### Ansvarleg
Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer
Kort om tiltaket:
Dette tiltaket har me tredje kvart år med tre årskull. Åra imellom vert dei inviterte til tiltaket "Snø og spillopper" Felles for heile kommunen, i Norheimsund kyrkje. Oppstart jan/feb 2016. Det er enno ikkje avgjort om tiltaket blir lagt til ei helg, som ein heimebuarleir, eller om det blir lagt til 3-4 samlingar på vekedagar. På mange måtar ei vidareutviling av lego-klubben. Felles samling inne i kyrkja med andakt først. Sidan blir det grupper med ulike kreative aktivitetar som biletkunst, foto, film, animasjon, komposisjon m.m. ut frå kristne tema. Det som blir produsert blir vist til resten av kyrkjelydane til dømes på ei gudsteneste og evt også nytta i andre trusopplæringstiltak.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring
Eg kan skapa noko som betyr noko for andre i kyrkja.
Jesus vil vera min venn, korleis kan eg vera hans?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon
Bibelforteljingar: Jesus og disiplane – om vennskap og disippelskap. Ulike tekstar som syner relasjonen mellom Jesus og disiplane:
Jesus og Peter Joh 21
Jesus og Tomas Joh 20
Jesus og den samaritanske kvinna Joh 4
Jesus og Maria Magdalena Luk 7
Songar og salmar: Sjå salmekanon

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis
• Song
• Bøn
• Høyre på andakt
• Dele av det ein har fått frå Gud til resten av fellesskapet

**Arbeidsmåter**

Sjå kommentarfeltet. Andre enn kyrkjelydspedagogen som naturleg kan verta involvert i tiltaket er: frivillige, sokneråd, kyrkjetenar, kateket, prest, kunstnarar.

## Snø og spilloppar — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

16-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Ungdommane opplever at det kristne felleskapet er godt
• Ungdommane får lyst til å delta på dei kontinuerlege tiltaka (KRIK, Origo, ungdomskor)
• Ungdommane veit at dei kan ha eit vennskap med Jesus
• Ungdommane kjenner bibelteksten om vintreet og kan sei noko om fellesskap med andre og med Jesus ut frå dette.
• Ungdommane opplever at dei kan få støtte, rettleiing og hjelp til viktige vegval i livet i kyrkja dersom dei ynskjer det.
• Ungdommane tenkjer over kva det vil seie å finna sin plass i nye kyrkjelydar og byar.

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog og ungdomsarbeidar på bedehuset.

### Kommentarer

Oppstart vinteren 2019. Vil bli arrangert annakvart år, dei åra tiltaket «Fokus» ikkje blir arrangert. Felles for ungdom frå heile kommunen. Staden blir Sjusete skiannlegg, med ulike vinteraktivitetar ute og inne i kafeen der. Ungdomsklubben Origo vert flytta til Sjusete, dei stiller med kafè. Det vil bli nytta kompetanse og utstyr frå KRIK og Framnes som går på leik, friluftsliv osv. med forskjellige aktivitetar, både organisert og uorganisert leik (døme: refleksløp/geocaching/bibelløype med oppgåver, skileik, ”Snik” (leik). Det blir andakt ca midt i arrangementet, med mellom anna band som spelar. Det er ein tydeleg link til KRIK og Origo og noko av målet er rekruttering til desse kontinuerlege aktivitetane. Tidlegare konfirmantar tek del i komitearbeid/planlegging. Det blir tilbod om eit ”vegen vidare”-seminar for dei som ynskjer å få hjelp i valet om kva dei skal gjera vidare i livet (studiar? Militæret? Folkehøgskule osv??)

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Korleis kan eg vera venn med Jesus?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

Å vera Jesu venn og ei grein på vintreet Joh 15Songar ( sjå salmekanon)
Bøner og andre element i gudsteneste (ung messe)

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Ei slags forenkla ung messe med bønevandring ute
Personleg samtale / sjelesorg
Forbøn for dei som ynskjer det
Synge lovsongar/salmar
Nattverd

### Arbeidsmåter

sjå kommentarfeltet

Andre medverkande kan vera:  prest, kateket, frivillige

## Vegen vidare — Ålvik, Vikøy, Strandebarm, Øystese

### Aldersgruppe

17-18

### Mål - Kva er formålet med tiltaket?

• Ungdommane opplever eit godt og stimulerande fellesskap saman med jamaldra og andre vaksne.
• Ungdommen opplever glede over å vera skapt akkurat som han/ho er.
• Ungdommen kjenner seg litt klokare i forhold til val av utdanning / arbeid.
• Ungdommen er blitt meir medviten om hans / hennar sterke og spesielle sider.
• Ungdommen har lyst til å bruka evnene sine til Guds ære.
• Ungdommen veit at det finst mykje god kristen litteratur og undervising om personlegdomsutvikling.
• Ungdommen har lyst til å finna seg eit kristent fellesskap å veksa i.

### Omfang

Antall samlinger / samvær: 1
Totalt antall timer: 4

### Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog

### Kommentarer

Kort om tiltaket:
To årsklassar vert inviterte her, og me har det anna kvart år. Årsklassane er likevel godt ivaretekne i og med at me har tilbod om "Snø og spillopper" eller "Fokus det året det ikkje er "Vegen vidare"

Planlagt oppstart februar 2018. Eit seminar om korleis ta gode val i livet. Dei fleste unge tenkjer mykje på kva utdanning og yrkesveg dei skal velja. Trusopplæringa blir avslutta med eit seminar som møter nettopp denne usikkerheita. Innanfor kristen tradisjon finst det eit vell av god litteratur om val, personlegdomspsykologi og personleg utvikling. Dette seminaret syner ein liten flik av den rikdomen som finst. Samstundes er dette eit tema som også fengjer mange vaksne. Seminaret blir difor ope for alle, men med 17 års aldersgrense. Opplevinga av eit interessant seminar med gode føredragshaldarar saman med andre vaksne, skal stimulera dei unge til å halda fram med å søka etter det gode livet i det kristne fellesskapet og i den kristne tradisjonen.
Seminaret blir lagt opp med undervising, matpause og til slutt ei enkel messe med veksellesing og anledning til forbøn. Det vil vera rom for personleg samtale i etterkant.

### Tema/innhold: Livstolkning og livsmeistring

• Kva skal eg velja vidare i livet?
• Kven er eg som person? Kva er mine sterke og svake sider?
• Har Gud ei meining om kva eg skal bli?
• Reflektera over vegval, kristen identitet, tru på seg sjølv og framtida.
• Korleis kan eg finna min plass i nye kyrkjelydar/byar?
• Korleis kan eg utvikla meg vidare som person?
• Korleis kan eg utvikla trua mi vidare?

### Tema/innhold: Kyrkjas tru og tradisjon

• Om å vera lemmer på Kristi lekam Rom 12

- Om nådegåver 1. Kor 12
- Jesu yppersteprestlelege bøn Joh 17
- Skapt i Guds bilde 1. Mos 1
- Songar og salmar (sjå salmekanon)
- Messe med veksellesing

### Tema/innhold: Kristen tru i praksis

Lytte til undervisning

Personleg samtale / sjelesorg

Forbøn for dei som ynskjer det

Synge lovsongar/salmar

Ete saman

Enkel messe med veksellesing

Tenne lys

### Arbeidsmåter

sjå kommentarfeltet. I tillegg til kyrkjelydspedagog vil me involvera t.d: kateket, sokneråd, evt eksterne føredragshaldarar.